



ULVIK HERAD
Sak id: 14/195-1
15 APR 2014
Ark.nr. 212 & 14
S.bh: 1TE Kopi: _____

ULVIK HERAD



ÅRSMELDING 2013

Innholdsliste:

Ulvik herad i 2013:

Folketalsutvikling	Side	4
Kommuneøkonomien	Side	4
Sjukefråvær	Side	13
Kostra	Side	13
Internkontroll	Side	15
 Sentraladministrasjonen og styringsorgan	Side	16
 Ulvik barnehage	Side	36
 Grunnskule, kulturskulen og vaksenopplæring	Side	42
 Helseavdeling/lækjarteneste	Side	49
 Pleie og omsorg	Side	61
 NAV	Side	66
 Teknisk	Side	68

Årsmelding for Ulvik 2013.

Årsmeldinga for Ulvik herad er eit tilbakeblikk på aktiviteten i det året me har lagt bak oss – både internt i driftsorganisasjonen og i lokalsamfunnet Ulvik.

Sett i høve til dei målsettingar me har for Ulvik er det alltid nyttig å sjå tilbake på om me nådde dei mål og forventningar me hadde, og kanskje kan me lære av hendingar eller aktivitetar som ikkje gjekk vår veg.

Årsmeldinga for Ulvik herad viser difor kva me klarte å yte av tenester til innbyggjarane med dei ressursar me hadde til rådvelde i 2013. Samstundes er årsmeldinga ei framstilling av "helsetilstanden" for heradet, og kva utfordringar me står framfor når arbeidet med økonomiplanen skal startast opp.

Det er og nyttig og lærerikt å sjå Ulvik i lys av det storsamfunnet me er ein del av. Bruk av Kostratal i årsmeldinga gjer oss i stand til å sjå vår ressursbruk og effektivitet målt opp mot tilsvarende tal i kommunar me kan samanlikne oss med - driv me effektivt og yter me tenester av høg og god kvalitet, eller er kostnadsnivået i Ulvik høgare enn det strengt tatt burde vere.

Ulvik som lokalsamfunn ligg og befolkningsmessigt i grenseland for det som trengst til å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Med om lag 1100 innbyggjarar vert grunnlaget for tenesteyting innanfor handel- og vare-omsetnad i minste laget, og det er difor svært viktig at me klarer å få til ein folkevekst slik at grunnlaget for lønsam drift innanfor dei tenesteytande næringane er tilstades. Då må handelslekkasjen til nabokommunar og Voss spesielt vere minst mogeleg.

Folketalsutviklinga i heradet er difor ein viktig indikator på korleis me lukkast med å skape det gode samfunnet me ynskjer å få til i Ulvik.

Kommuneorganisasjonen er ein viktig aktør i arbeidet med å skape eit godt lokalsamfunn. Kommuneorganisasjonen yter tenester til dei fleste innbyggjarane alt frå barnehage og skule og fram til omsorg ved livets slutt. Skal det ytast gode tenester til innbyggjarane trengst ein kommuneorganisasjon som er prega av trivsel og arbeidslyst, og tilbagemeldingar frå innbyggjarar og politikarar signaliserer om me har fått dette til. Kommuneorganisasjonen sitt omdømme ute blant folk flest, - i kombinasjon med sjukefråværsstatistikken er måleindikatorar på om me har lukkast i arbeidet med å drive verksemda Ulvik herad på ein god måte.

Så må me sjølv sagt i tillegg ha kontroll og styring på dei økonomiske ressursane - om me styrer etter tildelte rammer og set "tæring etter næring".

Årsmeldinga for Ulvik som samfunn er difor ei evaluering av om me har klart å oppfylle vedtekne målsettingar om

- vekst i folketalet,
- om me har god økonomistyring og god tenesteproduksjon og
- om vedteken målsetting for sjukefråvær vert halden.

Folketalsutviklinga i Ulvik herad dei siste åra.

	Pr. 01.01	fødde	døde	+/-	innflytt	utflytt	+/-	tilvekst
2007	1137	7	10	- 3	31	58	- 27	- 30
2008	1107	11	8	3	55	71	- 16	- 12
2009	1095	10	10	0	72	38	34	34
2010	1129	11	20	- 9	67	69	- 2	- 11
2011	1118	6	21	- 15	68	59	9	- 6
2012	1112	11	12	- 1	54	52	2	1
2013	1113	6	14	- 8	56	67	-11	-19
2014	1094							

Pr. 1 jan. 2014 var det 1094 innbyggjarar i Ulvik - ein nedgang på 19 personar frå året før. Målsettinga om ein auka i folketalet på 1% er såleis ikkje nådd.

Det er negativt fødselsoverskot og negativ netto tilflytting. Men me må tru at me kan snu denne utviklinga. I 2009 var me på same nivå folketalsmessigt. Året etter auka folketalet med 34!

Årskull på berre 6 elevar vil likevel gje ein skule med redusert elevtal.

Kommuneøkonomien i 2013.

Ulvik har som økonomisk målsetting å oppnå eit netto driftsresultat på minimum 3 % av brutto driftsinntekter.

Tabellen under viser at Ulvik i 2013 har eit rekneskapsmessigt netto driftsresultat på 5,863 mill. kr. - og i prosent utgjør dette eit netto driftsresultat på 5 %.

Dette gjev likevel eit misvisande bilete. Heradet kostnadsførte for mykje pensjonsmidlar til KLP igjennom året. Dette er difor ein vesentleg del til overskotet. Overskotet er på kr. 2,552 mill. kroner, etter avsetning til fond og bruk av fond.

Pensjonleverandøren vår (KLP) sender kvar haust ut eit faktureringsgrunnlag for pensjonsordningane våre. Dette vert innarbeidd i budsjettet, saman med tilsvarende ordning for pedagogisk personale (SPK). Dette er berre eit anslag, det er først i slutten av året at ein ser kva den faktiske kostnaden er. I kommunen kan pensjonskostnadane førast over 10 år. Difor kan det skje at innbetalinga vert større enn den faktiske utgifta for eit år, slik som i 2013.

Ser vi på korleis overskotet kjem fram får vi slik oversikt:

Mindreforbruk driftsbudsjettet	724.445
Premieavvik 2013	290
Medfinansiering somatiske tenester	39.912
Etableringslån Husbanken renter	- 82.521
Kraftsalg	39.670
Skatt	542.998
Eigedomsskatt	525.285
Rammetilskot	- 310.601
Renteutgifter	647.789
Renteinntekter	845.556
Overføring VAR	- 272.167
Utbytte Hardanger Energi AS	- 884.447
Lønsregulering	777.611
Diverse	- 41.099
Totalt	2 552.721

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

		Råneskap	Rav bud	Budsjett	Råneskap 2012
Driftsinntekter:		2013	2013	2013	
600-619	Brukerbetalingar	5 291 336,07	5 546 995,00	5 546 995,00	5 613 685,15
620-670	Andre salgs- og leigeinntekter	8 347 911,94	6 392 996,00	6 392 996,00	6 339 458,87
700-770	Overføring med krav til motyting	12 431 599,82	2 804 800,00	2 804 800,00	9 437 598,55
800	Rammestikkudd	43 633 729,00	43 938 000,00	43 938 000,00	43 043 654,00
810	Andre statlige tilskudd	503 670,00	429 000,00	429 000,00	706 238,00
830-850, 880-890	Andre overføringer	8 581 681,29	8 850 000,00	8 850 000,00	11 022 183,60
870	Skatt på inntekt og formue	32 351 997,74	31 809 000,00	31 809 000,00	31 105 457,93
874	Eigedomsskatt	10 408 010,00	9 850 000,00	9 850 000,00	8 855 467,00
877	Andre direkte og indirekte skattar	5 459 475,00	5 450 000,00	5 450 000,00	5 435 719,00
SUM DRIFTSINNTEKTER		125 009 390,66	115 070 591,00	115 070 591,00	121 559 462,10
Driftsutgifter:					
010-080, 160-165	Lønnsutgifter	81 941 753,29	59 717 848,15	59 070 414,00	60 510 687,17
090-099	Sosiale utgifter	15 327 589,22	17 018 981,36	16 844 026,00	14 152 418,32
100-285 -(160-165)	Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon	18 084 340,45	18 423 715,99	15 836 461,00	17 029 554,05
300-380	Kjøp av tenester som erstatter kom. tenesteproduksjon	8 835 448,92	8 295 331,00	8 295 331,00	8 680 258,65
400-490	Overføringer	15 653 296,85	11 730 914,00	11 730 914,00	14 245 056,67
590	Avskrivninger	4 958 640,45	0,00	0,00	4 689 433,92
690 + (290-790)	Fordele utgifter	-143 065,00	0,00	0,00	-
SUM DRIFTSUTGIFTER		124 658 004,18	113 186 790,50	111 777 146,00	119 287 408,78
Brutto driftsresultat		351 386,48	1 883 800,50	3 293 445,00	2 272 053,32
Finansinntekter:					
900-905	Renteinntekter og utbytte	2 418 612,59	2 350 000,00	2 350 000,00	2 390 039,10
909	Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 708 318,00	0,00	0,00	1 232 977,00
920	Mottatte avdrag på utlån	233 501,54	70 000,00	70 000,00	297 188,00
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER		4 356 430,13	2 420 000,00	2 420 000,00	3 920 204,10
Finansutgifter					
500	Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 235 778,27	2 100 000,00	2 100 000,00	1 024 350,72
509	Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)				
510	Avdragsutgifter	2 455 720,00	2 450 000,00	2 450 000,00	1 044 720,00
520	Utlån	111 533,00	30 000,00	30 000,00	135 234,50
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER		3 803 029,27	4 580 000,00	4 580 000,00	2 204 305,22
RESULTAT EKSTERNE FINANSSTRANS.		553 400,86	(2 160 000)	(2 160 000)	1 715 898,88
990	Motpost avskrivninger	4 958 640,45	0,00	0,00	4 689 433,92
NETTO DRIFTSRESULTAT		5 883 427,79	-276 199,50	1 133 445,00	8 677 386,12
INTERNE FINANSSTRANSASJONER					
930	Bruk av tidlegare års regnskapsmessige midreforbruk	7 148 845,48	0,00	0,00	4 373 596,09
940	Bruk av disposisjonsfond	1 152 094,12	351 800,00	351 800,00	1 628 835,66
950	Bruk av bundne driftsfond	5 574 908,86	6 359 553,00	6 359 553,00	7 052 784,93
SUM BRUK AV AVSETNINGER		13 875 848,46	6 711 353,00	6 711 353,00	13 055 216,68
570	Overført til investeringsregnskapet	2 162 820	79 603	666 758	2 277 148,55
530	Dekning av tidlegare års regnskapsmessige merforbruk				
540	Avsetninger til disposisjonsfond	7 164 429	983 651	1 806 040	5 320 011,78
550	Avsetninger til bundne driftsfond	7 859 307	5 482 000	5 482 000	6 986 596,99
SUM AVSETNINGER		17 186 555	6 525 154	7 934 798	14 583 757,32
580	Ikke disponert nto. regnskapsm. mindreforbruk	2 552 720,95	0,00	0,00	7 148 845,48
980	Regnskapsmessig merforbruk				0,00

Ser vi på budsjettstyringa i driftsorganisasjonen får vi fram slik oversikt:

Ansvar (T)	Beløp	Budsjett	Just bud	rev bud	Avvik
Stab/støtte	14 754 226,31	14 965 605,00	106 443,07	15 072 048,07	kr 317 822
Barnehagen	6 496 863,71	6 467 933,00	99 949,20	6 567 882,20	kr 71 018
Undervisning	17 962 716,35	18 096 975,00	247 549,57	18 344 524,57	kr 381 808
Helse & Sosial	10 887 003,92	10 425 709,00	71 739,36	10 497 448,36	kr -389 556
PLOMS	20 919 745,72	21 571 341,00	233 488,94	21 804 829,93	kr 885 084
NAV	1 432 411,75	1 226 179,00	7 442,80	1 233 621,80	kr -198 790
Teknisk	14 913 473,64	13 927 500,00	635 659,37	14 570 531,57	kr -342 942
	93 927 230,05	93 528 558,00	1 694 952,39	95 230 882,58	kr 724 445

Dette oversynet viser at budsjettstyringa er god. Helse- og sosial, teknisk og Nav har eit meirforbruk, medan dei andre einingane inkludert stab/støtte har eit mindreforbruk. Det er likevel viktig å merka seg at om lag 1,6 mill.kr er tilbakeført einingane i form at for mykje innbetalt pensjon. Utan denne tilbakeføringa til einingane ville resultatet ha vore negativt for drifta.

Driftsinntektene.

	Rekneskap 2013	Rev bud 2013	Budsjett 2013	Rekneskap 2012
1 Skatt på inntekt og formue	-32 351 997,74	-31 809 000,00	-31 809 000,00	-31 105 457,93
2 Ordinært rammetilskudd	-43 633 729,00	-43 938 000,00	-43 938 000,00	-43 043 654,00
3 Skatt på eiendom	-10 408 010,00	-9 850 000,00	-9 850 000,00	-8 855 467,00
4 Andre direkte eller indirekte skatter	-5 459 475,00	-5 450 000,00	-5 450 000,00	-5 435 719,00
5 Andre generelle statstilskudd	-503 670,00	-429 000,00	-429 000,00	-706 238,00
6 Sum Frie disponible inntekter	-92 356 881,74	-91 476 000,00	-91 476 000,00	-89 146 535,93
7 Renteinntekter og utbytte	-2 416 612,59	-2 350 000,00	-2 350 000,00	-2 390 039,10
8 Gevinst finansielle instrumenter	-1 706 316,00			-1 232 977,00
9 Renteutg., provisjoner og andre finansutg.	1 235 776,27	2 100 000,00	2 100 000,00	1 024 350,72
11 Avdrag på lån	2 455 720,00	2 450 000,00	2 450 000,00	1 044 720,00
12 Netto Finansinntekter/-Utgifter	-431 432,32	2 200 000,00	2 200 000,00	-1 553 945,38
14 Til ubundne avsetninger	7 164 428,58			5 320 011,78
15 Til bundne avsetninger	7 859 307,09	5 462 000,00	5 462 000,00	6 986 596,99
17 Bruk av ubundne avsetninger	-1 152 094,12	-441 800,00	-441 800,00	-1 628 835,66
18 Bruk av bundne avsetninger	-5 574 908,86	-6 359 553,00	-6 359 553,00	-7 052 784,93
19 Netto avsetninger	8 296 732,69	-1 339 353,00	-1 339 353,00	3 624 988,18
20 Overført til investeringsregnskapet	2 162 819,71	79 503,00	666 758,00	2 277 148,55
21 Til Fordeling drift	-82 328 761,66	-90 535 850,00	-89 948 595,00	-84 798 344,58
22 Sum fordelt til drift frå rekneskapskj	79 776 040,71	90 535 850,00	89 948 595,00	77 649 499,10
23 Rekneskapsmessig mindreforbruk	-2 552 720,95	0,00	0,00	-7 148 845,48

Brutto driftsinntekter viser ein vekst frå 2012 til 2013 på 2,8 %. Når me har greidd å halde driftsutgiftene under kontroll kjem me likevel ut med eit rimeleg bra resultat for 2013.

Ser vi på fordelinga av driftsinntektene kjem følgjande oversikt fram:

Driftsinntekter		2013	%
600-619	Brukarbetalingar	5 291 336,07	4,23 %
620-670	Andre salgs- og leigeinntekter	6 347 911,94	5,08 %
700-770	Overføring med krav til motytelse	12 431 599,62	9,94 %
800	Rammetilskudd	43 633 729,00	34,90 %
810	Andre statlige tilskudd	503 670,00	0,40 %
830-850, 880	Andre overføringar	8 581 661,29	6,86 %
870	Skatt på inntekt og formue	32 351 997,74	25,88 %
874	Eigendomsskatt	10 408 010,00	8,33 %
877	Andre direkte og indirekte skattar	5 459 475,00	4,37 %
SUM DRIFTSINNTEKTER		125 009 390,66	100,00 %

Skatteinntektene saman med rammetilskotet er dei store inntektspostane for kommunane. Rammetilskotet vert fastsett utifrå vedtekne kriterier i inntektssystemet, medan skatteinntektene til ein viss grad vert påverka av inntektsgrunnlaget i Ulvik.

Veksten i skatteinntektene viser slik utvikling:


2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
28.633	29.241	31.096	31.102	29.796	31.105	32.351

Skatteinntektene som utgjer deler av dei frie inntektene Ulvik disponerer. Ser me på utviklinga frå 2012 til 2013 vert veksten på 4 %.

Til samanlikning viser tal frå fylkesmannen at den samla skatteauken for kommunane i landet i 2013 var på 5,7 %.

Ulvik herad balanserte tidlegare rett over og under grensa for å få småkommunetilskotet, dvs. eit skattenivå på 120 % av landsgjennomsnittet. I 2013 er skattenivået i Ulvik 116,1 % av landsgjennomsnittet.

Driftsinntekter




Driftsutgiftene.

Driftsutgiftene har auka frå 119.287 mill. kr. i 2012 til 124.658 mill. kr. i 2013 - dette utgjer ein utgiftsvekst på 4,5 %.

Samla lønskostnader utgjorde 61,99 % av dei totale driftsutgiftene for Ulvik (tilsvarande tal for 2012 var 62,59 %). Lønsveksten i KS-området i 2013 samla var på 3,54 %. Me har klart å styre utgiftsveksten etter dei inntektsrammene me har.

Driftsutgifter:			
010-080, 160-165	Lønnsutgifter	61 941 753,29	49,69 %
090-099	Sosiale utgifter	15 327 589,22	12,30 %
100-285 -(160-165)	Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjonen	18 084 340,45	14,51 %
300-380	Kjøp av tjenester som erstatter kom. tjenesteproduksjon	8 835 448,92	7,09 %
400-490	Overføringer	15 653 296,85	12,56 %
590	Avskrivninger	4 958 640,45	3,98 %
690 + (290-790)	Fordelte utgifter	-143 065,00	-0,11 %
SUM DRIFTSUTGIFTER		124 658 004,18	100,00 %



Investeringar 2013

I vedteke budsjett for 2013 var det planlagt investeringar på i alt 20.262 mill.kr. Rekneskapen viser at investeringane vart på 11.816 mill. kr. Årsaka til dette er i hovudsak at det er nytta 4,5 mill.kr til bustadfelt Hjelmvoll, 2,5 mill.kr. mindre enn budsjettet. Det same gjeld for gang/sykkelveg som er budsjettet med 4 mill.kr, mens det berre er nytta 124 000 kr. til planlegging. Vidare er prosjektmidlane til rehabilitering av sjukeheimen ikkje nytta. Dette utgjer 1.7 mill.kr.

Dette som forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap.

Prosj	Prosj (T)	Rekneskap 2013	Rev Bud 2013	Bud 2013	Avvik
2104	IT maskinvarer	551 118,35	300 000,00	300 000,00	
2104	Bruk av ubundne inv. fond	-139 283,00	0,00	0,00	
sum	IT maskinvarer	411 835,35	300 000,00	300 000,00	111 835,35
2105	IKT skule	88 164,57	200 000,00	200 000,00	
sum	IKT skule	88 164,57	200 000,00	200 000,00	-111 835,43
3423	Elektronisk Postjournal PLOMS	18 591,90	0,00	0,00	
sum	Elektronisk Postjournal PLOMS	18 591,90	0,00	0,00	18 591,90
4019	Kommunale vegar 2013	546 428,00	500 000,00	500 000,00	
sum	Kommunale vegar 2013	546 428,00	500 000,00	500 000,00	46 428,00
4232	Vatn 2013	0,00	500 000,00	500 000,00	
4233	Kloakk 2013	0,00	500 000,00	500 000,00	
Sum	Vatn/kloakk 2013	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00	-1 000 000,00
4339	Bustadfelt Hjelmevoll	4 599 882,66	9 000 000,00	9 000 000,00	
4339	Bustadfelt Hjelmevoll	0,00	-2 000 000,00	-2 000 000,00	
4339	Bruk av ubunde inv fond	-500 000,00	0,00	0,00	
sum	Bustadfelt Hjelmevoll	4 099 882,66	7 000 000,00	7 000 000,00	-2 900 117,34
4365	Ulvik Sjukeheim	0,00	1 700 000,00	1 700 000,00	
Sum	Ulvik Sjukeheim	0,00	1 700 000,00	1 700 000,00	-1 700 000,00
4360	Toppdekke Holmen	2 212 204,07	0,00	0,00	
4360	Bruk av disp.fond	-769 139,00	0,00	0,00	
4360	Bruk av ubunde inv fond	-1 300 000,00	0,00	0,00	
sum	Toppdekke Holmen	143 065,07	0,00	0,00	143 065,07
4366	Tilrettel sentr/ univers utform/uteom heradshuset	47 192,00	1 950 000,00	1 950 000,00	
sum	Tilrettelegging sentrum	47 192,00	1 950 000,00	1 950 000,00	-1 902 808,00
4368	Beredskap 2013	140 499,20	200 000,00	200 000,00	
4368	Beredskap 2013	140 499,20	200 000,00	200 000,00	-59 500,80
4370	Gangveg	124 125,60	4 000 000,00	4 000 000,00	
Sum	Gangveg	124 125,60	4 000 000,00	4 000 000,00	-3 875 874,40
4359	Ulvik Sjukeheim,tilbygg	33 987,20	1 153 448,00	1 500 000,00	
4374	SD anlegg Brakanes skule	269 585,20	0,00	0,00	
4376	Øvre Paradis 6 og 8	307 362,00	0,00	0,00	
4395	Ulvik sjukeheim, personalgarderobar og RWC på daga	18 900,00	0,00	0,00	
sum	Kommunale bygg	629 834,40	1 153 448,00	1 500 000,00	-523 613,60
4401	Klokkargarden riving	246 033,80	0,00	0,00	
4401	Klokkargarden riving	-36 400,00	0,00	0,00	
4401	Klokkargarden riving	-200 000,00	0,00	0,00	
sum	Klokkargarden riving	9 633,80	0,00	0,00	9 633,80
4404	Grasklyppar teknisk	152 914,00	259 297,00	500 000,00	
sum	Grasklyppar teknisk	152 914,00	259 297,00	500 000,00	-106 383,00
4410	Brygger Osa og Bagnstrond	376 459,00	0,00	0,00	
4410	Bruk av disp fond	-176 459,00	0,00	0,00	
4410	Bruk av næringsfond	-200 000,00	0,00	0,00	
sum	Brygger Osa og Bagnstrond	0,00	0,00	0,00	0,00
	Mva komp frå drift	2 083 316,71			
	Frå Rekneskapsskjema 2A	11 816 764,26	20 262 745,00	20 850 000,00	

Bruk av næringsfondet i 2013

Bruken av næringsfondet er regulert ut frå egne vedtekter for fondet. I tillegg er det vedteke at næringsfondet skal ha ein grunnkapital på minimum 5 mill.kr.

Saldo pr.1.1.2014 viser **kr. 14 458 990**. Fondet vart styrka med 1.7 mill.kr i 2013 som i hovudsak skuldast auka finansinntekter.

	Disponerte midlar 2013	Disponerte midlar 2012
Saldo inn pr 01.01.	12 735 204,74	11 651 616,46
Bruk i reknesk.	-4 924 831,00	-4 646 730,45
Heradshuset - dekking driftsutgifter	-290 000,00	-280 000,00
Konsesjonsavg	5 459 475,00	5 435 719,00
Finansinntekter	1 706 316,00	1 232 977,00
Finansutgifter		
Hardanger REHAB		-451 550,00
Flytt til hardanger	-227 174,41	-206 827,27
Infotavler og sentrumstiltak		0,00
Saldo pr 31.12.	14 458 990,33	12 735 204,74
Avsatt m. ikkje brukt:		
Tillegg rehab.senter - forprosjektering/ opparbeiding tomt	0,00	-489 519,07
Løyvde tilskot pr 2007	0,00	-17 906,13
Løyvde tilskot pr 2008	0,00	-50 000,00
Løyvde tilskot pr 2009	0,00	-25 000,00
Løyvde tilskot pr 2010	0,00	-125 000,00
Løyvde tilskot pr 2011	-36 750,00	-72 250,00
Løyvde tilskot pr 2012	-162 500,00	-246 500,00
Løyvde tilskot pr 2013	-185 000,00	
Kommunale vegar inv.	-1 204 504,00	-1 204 504,00
Mur	0,00	-200 000,00
Infotavler og sentrumstiltak (Budsj.07)		-6 272,00
Bioenergi/Rydding langs vegar		-184 796,15
"Frie" midlar *	12 870 236,33	10 113 457,39

- I denne summen ligg grunnkapitalen på 5 mill.kroner.

Sjukefråværet.

Arbeidsmiljøutvalet har sett som målsetting at me må halde sjukefråværet samla for kommuneorganisasjonen under 6 %.

Sjukefråværsstatistikken viser at sjukefråværet i Ulvik i 2013 var på 6,8 %.

Av dette er korttidsfråværet på 1,8 % og langtidsfråværet på 5 %.

Dette er ein liten oppgang frå 2012 då det totale sjukefråværet var på 6,31 %.

Her er den einingsvise fordelinga av fråværet i dagsverk og prosent:

Eining	Moglege dagsverk	Alt fråvær dagsverk	Fråvær prosent
Administrasjon	3242,05	87,32	2,69
Barnehage	3320,53	730,09	21,99
Undervisning	6424,64	293,59	4,57
Helse og sosial	2054,44	44	2,14
PLO	7412,92	328,38	4,43
Teknisk	4510,02	349,53	7,75
Samla	26964,6	1832,91	6,80

Eigenmeldt og sjukemeldt fråvær 2013.

Eit lågt sjukefråvær er kostnadseffektivt, og Ulvik herad sitt målretta arbeid for å halde sjukefråværet nede har gjeve gode resultat. Rådmannen har og tru på at eit lågt sjukefråvær indikerer at "helsetilstanden" i kommuneorganisasjonen er god, og at trivsel og eit godt arbeidsmiljø fører til at dei tilsette yter gode tenester til innbyggjarane. Einingane kommenterer sjølv sitt fråvær.

Kostra

KOSTRA er Stat og kommunar sin rapporteringsstatistikk for ressursbruk og måloppnåing i offentleg verksemd. I årsmeldinga frå einingane har dei kommentert sitt område. Det samla oversynet for alle tenester i Ulvik herad samanlikna med Landet, Landet utan Oslo, Hordaland, Eidfjord, Granvin og Jondal er lagt inn i oversynet. Kostragruppe 6 (vår gruppe) er også med.

Generelt kan ein sei at Ulvik herad ligg høgt i ressursbruk for dei fleste tenester. Det vil fylgjeleg vera eit potensiale for innsparing i ressursbruken. Ut frå gjeldande økonomiplan 2014-2017 er det for liten margin mellom utgifter og inntekter når kommunen bør ha eit mål om 3% netto driftsresultat. Samstundes veit me at me har store investeringar med påfølgjande låneopptak framfor oss.

Tabellen under viser eit samla oversyn i KOSTRA



Statistisk sentralbyrå
Statistisk Norge

Utvalgte nøkkel tall, kommuner - nivå 1
Ureviderte tall per 17.03.2014

	Budsjett 2013	Grunn 2013	Andel 2013	Kommunegruppe 01 2013	Nordland 2013	Landet 2013	Landets øvr. Dist. 2013	Utd. 2013
Finansielle nøkkel tall								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,7	6,9	-0,1	1,1	1,4	1,5	1,6	0,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	10,3	10,3	1,0	2,4	2,7	2,3	2,4	4,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	68 739	67 746	66 844	68 471	46 603	48 196	47 407	69 457
Løpelig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	140,0	295,8	187,2	205,0	192,6	196,0	201,4	184,5
Arbeidskapital ex. premien/vik i prosent av brutto driftsinntekter	51,5	35,5	234,9	32,1	4,6	12,9	14,9	64,1
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	-25 374	49 322	45 931	58 396	41 630	38 405	46 806	13 722
Prioritering								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	176 000	155 938	97 811	123 830	122 542	120 139	119 085	128 702
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	217 010	150 909	145 264	153 205	98 189	100 621	99 084	175 858
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	7 124	4 218	5 425	4 420	2 004	2 133	2 159	4 997
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	27 054	23 081	23 780	27 747	15 165	15 278	15 541	24 117
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 879	1 879	1 358	2 088	3 202	3 309	2 957	2 287
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	7 641	2 616	10 778	10 021	6 889	7 500	7 170	4 340
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	23 389	10 686	11 752	10 937	3 670	3 811	4 057	15 854
Delingsgrad								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91,1	90,6	86,8	90,3	90,8	90,0	90,8	89,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	14,9	9,8	21,1	10,7	8,1	8,3	8,4	9,4
Legeslørk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	31,4	17,6	16,5	18,9	9,6	10,1	10,1	31,1
Fysioterapi slørk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	24,3	11,4	15,7	12,1	8,6	8,9	8,9	20,3
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	--	--	--	--	--	--	--	--
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	95,7	93,5	93,8	93,5	100,0
Andel innbyggere 80 år og over som er boende på institusjon	26,4	--	22,5	18,6	14,8	13,8	13,5	20,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggere 20-66 år	3,1	0,9	1,9	5,4	3,6	3,9	3,6	3,7
Andel barn med barnevernstiltak pr. innbygger 0-17 år	2,2	--	5,1	--	--	4,7	4,7	5,6
Sykkel-, gangveier/turstier m.v. ca./km. driftsansvar per 10 000 innb.	1 211	11	--	327	30	54	56	--
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	43	43	27	34	19	20	21	31
Ansverk i brann- og trykkesem pr. 1000 innbyggere	--	--	0,6	--	--	--	--	0,2
Produktivitet/enhetkostnader								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	219 137	214 069	124 781	166 547	175 432	164 349	162 972	166 686
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolekøler og skolebuss (202, 222, 223), per elev	197 328	159 192	141 475	153 499	101 919	99 534	100 760	169 022
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8. 10 årstrinn	7,8	10,2	10,2	9,1	14,9	14,4	14,3	10,5
Korrigerte brutto driftsutg. pr. kostnader av hjemmetjenester (8 kroner)	41 860	182 795	245 552	218 720	233 552	218 993	220 736	103 842
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	937 000	833 400	1 062 696	1 032 641	947 577	977 248	967 541	940 190
Anslyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret-1)	1 978	7 080	3 791	3 640	3 564	3 016	3 020	2 446
Anslyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret-1)	1 978	3 272	3 331	3 210	3 161	3 380	3 383	1 613
Anslyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret-1)	3 083	2 970	2 158	2 697	2 188	2 474	2 472	3 712
Gjennomsnittlig sakbehandlingstid, vedtakse reguleringsplaner (kalenderdager)	--	--	--	--	--	--	--	--
Gjennomsnittlig sakbehandlingstid, opprøpingsforretning (kalenderdager)	113	19	--	--	--	--	--	30
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	91 947	68 447	216 929	87 669	151 448	135 400	120 728	114 040

9.10

Internkontroll:


I kommunelova § 48 nr.5 er det innført eit krav om rapportering i årsmeldinga til kommunen. Dette er meint som eit verkemiddel til å setja arbeidet med internkontrollen på dagsorden lokalt. Kravet medfører at ein skal gjera greie for tiltak som er sette i verk og planlagde tiltak for forsvarleg kontroll. Endringa i kommunelova gjeld frå 1.juli 2013.

Rådmannen vil setja dette på dagsorden i større grad. I dag har me tiltak av ulik grad innafor tenesteproduksjonen, kvalitetssikring, HMS og informasjonstryggleik. Ein slik prosess kan starta med ein ROS-analyse for dei viktigaste områda, med utgangspunkt i vedteken overordna ROS-analyse.

Administrasjonssjefen skal (Kommuneloven § 23 nr 2) sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarlig utgreia, og at vedtak blir sett i verk. Administrasjonssjefen skal sjå til at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den har god kontroll. Arbeidet med internkontroll vil få meir fokus i 2014.

Ansvar 200 og 210

Sentraladministrasjon og sentrale styringsorgan



Ansvarsområdet:

Ansvarsområdet for sentraladministrasjonen og sentrale styringsorgan (200 og 210) er; rådmannen, politisk verksemd, revisjon og kontrollutval, fellesadministrasjon (tenestetorg og økonomiavdeling), felles IKT, felles , personal, kyrkja, biblioteket, næring og kultur.

NAV-leiar er kommunalt tilsett og er plassert i stab hjå rådmannen. NAV har eige ansvarsområde 270.

Rekneskapsmessig er det eit godt resultat for ansvarsområda 200 og 210, med eit mindreforbruk på kr. 316 310.

Hovudtala for ansvarsområda 200 og 210 –samla (mill.kr.):

Budsjett: 15 072 048

Rekneskap: 14 754 226

Avvik: 317 822

Hovudgrunnen til mindreforbruket er: Tilbakeføring av pensjonbetaling frå KLP. For mykje innbetalt til KLP for 2013 er ført tilbake til stab/støtte med kr. 272 380. Utan dette ville mindreforbruket ha vore kr. 45 000.

Kostratal pr.15.03.2013 (ureviderte)

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr.innb.	Ulvik 2012	Kostragruppe 06 - 2012	Jondal 2012	Granvin 2012	Eidfjord 2012	Hordaland 2012	Lande t utan Oslo 2012	Lande t 2012
	14 108	10 696	11 432	9 896	20 829	3 594	3 975	4 126

Kostratala viser at driftsutgifter til administrasjon og styring ligg noko høgt i høve kostragruppe 6. Ulvik ligg høgare samanlikna med Granvin og Jondal, men langt lågare enn Eidfjord. Det er relativt dyrare å driva ein liten kommune, framfor ein større kommune, når ein tek omsyn til stordriftsfordelene. Det må også nemnast at ein del tenester rekneskapsmessigt vert ført sentralt i administrasjonen, framfor ei fordeling ut på einingane. Døme på dette er IKT-tenesta (1201) og felles personal (1204). Ei sentral føring vert gjort fordi kompetansen er plassert sentralt, og at det vil vera styringsmessige føremuner å ha det slik i ein liten kommune. I praksis er dette tenester som vert levert t.d. til undervisning eller pleie- og omsorg.

Ansvar 200 teneste 1202 rådmannen

Budsjett: 957 860
Rekneskap: 975 210
Resultat: - 17 350

Meirforbruket skuldast noko avvik på løn og meirforbruk på reiser og møteverksemd.

Ansvarsområde 210:

Politisk verksemd – tal saker og møter:

Teneste	Politisk utval	Tal saker	Tal møter
1000	Heradsstyret	57	8
1000	Formannskapet	78	8
1001	Administrasjonsutvalet/AMU	6	3
1804	Eldrerådet	18	5

Politisk verksemd –budsjett og rekneskap:

Teneste	Politisk utval	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1000	Heradsstyre/formannskap	1 253 323	1 476 927	-223 603
1001	Råd og utval	164 201	190 703	- 26 502
1005	Politiske komitear	23 583	0	23 583
1804	Eldrerådet	21 782	27 422	-5 640
1805	Ungdomsrådet	29 247	43 078	-13 832

Det er eit negativt avvik på teneste 1000 heradsstyret og formannskapet. Dette skuldast høgare utgifter til løn og sosiale utgifter, tapt arbeidsforteneste og ekstra utgifter til kurs/reiseverksemd rekruttering av ny rådmann.

Teneste 1004 Revisjon og kontrollutval

Budsjett: 566 775

Rekneskap: 454 787

Resultat: 111 988

Teneste 1200 Fellesadministrasjon

Leiar : Reidar Meel

1. Omtale av overordna mål

Fellesadministrasjonen sitt mål er å yta best moglege tenester internt og eksternt.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Arbeidet er utført i høve dei ressursane ein har hatt til rådvelde. Tenesta har hatt kontinuerleg drift med tilbod til interne og eksterne kundar 08.00-15.30 heile året.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 5 544 549

Rekneskap: 5 228 413

Resultat: 316 136

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 316 136. reelt mindreforbruk er kr. 216 136, då kr. 100 000 i refusjon frå kvam herad skulle ha vore ført på folkehelse teneste 2333.

4. Personale

6,8 årsverk fordelt på økonomiavdelinga, tenestetorget, ass.rådmann, pedagogisk konsulent og Flytt til Hardanger.. Det vert kjøpt 50% stilling som skatteinnkrevjar hjå Ullensvang herad.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet er på 2,69%, som er ein nedgang frå 2012.

6. Kompetanseutvikling

Personalet har delteke på fagkurs innafor fagområdet økonomi, rekneskap og løn.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Vernerunde med oppfølgingsmøte er gjennomført i tråd med lovverket. Det er gjennomført medarbeidersamtalar.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Det vert jobba kontinuerleg med samfunnstryggleik og beredskap. Planverket er gjennomgått og oppdatert i 2013.Øving Hordaland vart gjennomført i 2013.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det er større krav til kommunen etter at den kommunale beredskapsplikta er lovfesta frå 2010. Dette vil få konsekvensar for heradet sitt beredskapsansvar.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Det har vore jobba med å få avvlevert kommunalt arkiv for perioden 1965-93 til interkommunalt arkiv. Det er eit arbeid som vert fulgt opp vidare, og ein tek sikte på avlevering våren 2014. Vidare er det jobba med verjemålsreforma. Ansvar for verjemål vert overført frå kommunane til fylkesmannen 1.7.2013.

Teneste 1201 – IKT

Leiar : Ivar Osa

1. Omtale av overordna mål

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er eit viktig verktøy for utvikling av den kommunale verksemda, og det er ein føresetnad for direkte tenester over nett til innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar. Ulvik herad legg vekt på bruk av IKT i alle delar av tenesteapparatet. Kommunelova sin §4 pålegg kommunane å driva aktiv informasjon og leggja til rette for offentlig innsyn.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

- ✓ Nytt EPJ (elektronisk pasientjournal), infodoc Plenario, på legekantoret og helsestasjonen.
- ✓ Samhandlingsreforma vart iverksett frå 01.01.2012. Dette innebar ein forpliktelse for kommunane. Legekantoret og pleie- og omsorg har såleis fått nytt oppsett for tilknytning til Norsk HelseNett. Dette sikrar kommunikasjon for sending og mottak av prøveresultat for kontora, elektronisk resept, samt elektroniske meldingar mellom legekantoret og ploms og mellom legekantoret, ploms og helseforetaka.
- ✓ Alle på legekantoret og avdeling pleie og omsorg (lukka nett) har fått tilgangar til det administrative nettet og dermed tilgang til alle dei kommunale fagsystema.
- ✓ Fase 1 og 2 oppgradering av WebSak til versjon 6.8(Noark5) Fase 3 gjenstår.
- ✓ Forprosjekt nytt EPJ system til avdeling pleie og omsorg.
For å tilfredstilla krava i samhandlingsreforma måtte EPJ systemet til ploms utvidast med ein meldingsmodul. Samtidig innhenta vi prisar frå andre leverandørar av EPJ system til pleie og omsorg sektoren. Det viste seg at ein meldingsmodul til EPJ systemet vi hadde (Geric), vart like kostbar som eit bytte til eit nytt EPJ system med meldingssentral, inklusiv opplæring. Ut frå at grannekommunane alt hadde skifta EPJ system til Acos CosDoc, har vi valgt å ta det store arbeidet det er med å bytta fagsystem hjå oss til Acos CosDoc.
- ✓ Forprosjekt og innkjøp av ny telefonsentral, bytta til Ip-telefoni, implementering i første halvår 2014.
- ✓

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2013 (1)	Budsjett 2013 vedtatt (1)	Budsjettjusteringer 2013 (1)	Revidert budsjett 2013 (1)
10100	Fast lønn	422 893,00	338 000,00	4 757,00	342 757,00
10103	Tilleg mobiltlf/ breiband	1 265,00	0	0	0
10900	Pensjonspremie KLP	63 229,00	57 000,00	770	57 770,00
10909	Ulykkes- / Gruppelivsforsikring	872	1 103,00	9	1 112,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	48 808,00	42 000,00	587	42 587,00
11000	Kontorrekvisita, kopipap.osv	3 224,00	0	0	0
11002	Abonnement aviser/tidskrifter	1 272,00	0	0	0
11301	Telefontenster	34 703,00	80 800,00	0	80 800,00
11302	Linjeleige/brukarstøtte	1 056 475,00	898 900,00	0	898 900,00
11305	Diverse edb-utgifter	86 225,00	90 900,00	0	90 900,00
11500	Opplæring / kurs	0	8 863,00	0	8 863,00
11600	KM-godtgjersle	0	4 224,00	0	4 224,00
11851	Forsikring tilsette - ikkje avg.pl.	167	1 055,00	0	1 055,00
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	12 329,00	0	0	0
11952	EDB-lisensar	291 625,00	272 700,00	0	272 700,00
12000	Inventar og utstyr	0	8 766,00	0	8 766,00
12100	Kjøp, leige transportmidlar	0	8 660,00	0	8 660,00
12700	Konsulenttenester	27 572,00	24 154,00	0	24 154,00
14290	Mva.komp.utgift i driftsrekneskapet	265 474,00	0	0	0
15004	Forseinkingsrenter/gebyr	61	0	0	0
17102	Feriep. av sjuke-/fødselspengar	-737	0	0	0
17290	Mva.komp.inntekt i driftsrekneskapet	-265 474,00	0	0	0
17900	Interne overføringer	-59 335,00	0	0	0
19003	Forseinkingsrenter/gebyr - inntekt	454	0	0	0
1201	IKT	1 991 101,00	1 837 125,00	6 123,00	1 843 248,00

Avvik konto 11302:

På denne kontoen vert ført alle utgifter for alle einingane for, Breibandsringen, internett aksess , vedlikehald og brukarstøtte på alle felles fagprogram, e-postserver (Exchange) samarbeidsavtale It med Odda. Meirforbruket skriv seg frå ein ny modul i Agresso, e-handelplattform, og auke i lisenskostnader + manglar og refusjon på 20% stilling skule.

Investeringar IKT

Meldingsserver og maskinvare legekantoret	59 254
Etablering av samband NHN Legekantoret og sjukeheimen	33 456
Nytt EPJ legekantor	97 519
Telefonsentral,lisensar,maskinvare, telefonapperat, omlegging frå analoge til Ip telefoni i heile heradet. Frå 4 til ein sentral	301491
oppgradering websak	54 250
	545 970

4. Personale

100% stilling, der 20% vert finansiert av skulen.

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon

6. Kompetanseutvikling

Har nær dialog med fagmiljøet i Odda.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjonen

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet.

Sentrale myndigheiter set store krav til kommunane om å ta i bruk IKT for å effektivisera drifta og å frigjere ressursar til utfordringar som ventar, kan her nemna: Nasjonal strategi for elektronisk samhandling i helse- og omsorgssektoren /Samhandlingsreforma / Norm/ Meldingsløftet. Då det er snakk om store investeringar knytt til nye tenester, er det også viktig at kommunane samarbeidar om felles system. Det er store innsparingar ved innføring av nye tenester dersom kommunane har felles system på ei felles plattform.

Ei anna utfordring for IKT i forhold til alle nye tenester og krav, er å budsjettere framtidige investeringsbehov og driftskostnader. Mykje av tenestene er ikkje ferdig utvikla og det er ingen "hylleware" som er prissett. Derfor er det svært vanskeleg å ta høgde for slike tiltak i den ordinære budsjett prosessen.

Ulvik herad har i dag Ca. 240 arbeidsstasjonar / pc ved 8 lokasjonar,

14 serverar for admin.nett, sjukeheimen, legekantoret, skulen og Va-anlegg (Ulvik herad drifta også Va-anlegg for Granvin og Eidfjord)

Odda kommune driftar serverar og databasar for Sakhandsaming, økonomisystem, mailsystem og Sosialsystem.

I tillegg til årleg maskinvare, nettverk, serveroppgradering og versjonsoppgraderingar på applikasjonar, må ein gjera ein del framtidige prioriteringar på investeringssida, for å nemna noko :

- Skjemabank / min side
- Weboverføring WebSak heradstyremøte
- Integrasjon Oppad- Agresso
- Websak "sikker sone"
- Digitalt arkiv
- Fibernkabel mellom sentrumsbygget og skulen

- Fiberkabel mellom sentrumsbygget og sjukeheimen
- Storformat skanner
- Websak Fokus

Teneste 1204 – felles personal

Leiar : Reidar Meel

1. Omtale av overordna mål

Ha ein best mogleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med lover og forskrifter.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

- Tiltak i samsvar med IA-måla vart gjennomførde.
- Lokale tingingar og kompetanseheving er gjennomført.
- Overordna HMT-plan godkjent.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 542 405

Rekneskap: 126 017

Resultat: 416 388

Skuldast i hovudsak mindreforbruk på bedriftshelseteneste og opplæring.

4. Personale

Sjå fellesadministrasjon.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet var på 6,80% i 2012, mot 6,31% i 2011. AMU sitt mål for IA-arbeidet var å halda sjukefråværet under 6%.Korttidsfråværet utgjorde 1,8% (1,61%), medan langtidsfråværet utgjorde 5,0% (4,70%).Det eigenmeldte fråværet utgjør 0,9% i 2013, det same som i 2012.Det er eit mål for IA-arbeidet at ein i større grad nyttar eigenmelding framfor sjukemelding.

Utviklinga i sjukefråværet i % i perioden 2010-2013

2010	2011	2012	2013
5,74	5,25	6,31	6,80%

Ulvik har dei siste 4 åra hatt eit lågt sjukefråvær.

6. Kompetanseutvikling

Ingen særskilde tiltak ut over støtte til leiaraskulering.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Arbeid i tråd med arbeidsmiljøutvalet sine mål. God aktivitet i 2013. Alle verneområde har fått utarbeidd handlingsplan.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Sjå fellesadministrasjon.

10. Anna aktivitet/tiltak

Ikkje noko ut over dagleg drift.

Teneste 1205 – Flytt til Hardanger

Leiar : Hege Nielsen Børve

1. Omtale av overordna mål

Hovudmålet er å gjera Hardangerkommunane til attraktive bukommunar. Godt og varierte bustadtilbod, møtestadar og eit inkluderande lokalsamfunn skal vera kjenneteikn ved Hardangerkommunane. FTH skal ilag med kommunane rekruttera tilflyttarar med et føremål å auka folketalet.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Utflyttinga frå Hardanger har stogga, men det er vanskeleg å seie kor mykje av dette som skuldast prosjektet. Nettotilflyttinga har auka markant i aldersgruppa mellom

27 og 42 år. Målgruppa til FTH er personar i aldersgruppa 25-45 år. Såleis kan ein stadfesta at FTH har oppnådd målsettinga om å få fleire frå denne målgruppa til å flytte til Hardanger. 85 % av respondentane frå spørjeundersøkinga blant innflyttarar til Hardanger, gjennomført av AUD, bur framleis i Hardanger. Av desse bur 7 % i Ulvik.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Teneste vert finansiert av næringsfondet.

4. Personale

Leiar for tilflyttarprosjektet (kommunekontakten) i Ulvik herad er tilsett i 40 % stilling.

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjonen

6. Kompetanseutvikling

Deltak på alle kommunegruppemøter og samlingar.

Har nær dialog med kommunekontaktane frå dei andre kommunane.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjonen

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjonen

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Prosjektet er inne i sitt fjerde og nest siste år av fase 2; Flytt til Hardanger – attraktive bustadkommunar, 2010-2015.

Eigeninnsats frå kommunane er på kr. 1.275.000 årleg. Fylkeskommunen bidreg med kr. 770.000 årleg.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Temamøte i Odda: «regionsenter – kjenneteikn og utviklingsfaktorar». Bustadgruppa var ferdige i februar, Hardangerkonferansen, Bergenstreff for utflytta Hardinger, 6 møter i kommunegruppa/marknadsføringsgruppa.

Teneste 2333- Folkehelse

Leiar : Anne Lorentzen

1. Omtale av overordna mål

Folkehelsearbeidet har hatt som mål å etablere ei tverrsektoriell arbeidsgruppe og gjere folkehelsearbeidet kjend i eigen organisasjon. Vidare arbeide kunnskapsbasert og følgje opp oversiktsarbeidet som vart utarbeidd i 2012 av kommuneoverlegen ved å utarbeide eit folkehelseprogram for Ulvik herad.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Gruppa vart til Folkehelseråd og har hatt ni møte i løpet av året. Folkehelsekoordinatoren har vore ute på alle einingane. Folkehelseprogrammet er under utarbeiding.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 334 421

Rekneskap: 315 774

Avvik: 18 648

Det er inntektsført kr. 100 000 på teneste 1200 som skulle ha vore inntektsført på

2333. Det yil sei at reelt mindreforbruk er kr. 118 648.

4. Personale

50% stilling frå 02.01.2013. 90% stilling frå 16.09.2013- 31.12.2013 (nettverksleiar)

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon

6. Kompetanseutvikling

Folkehelsekoordinatoren har delteke på partnerskapssamlingar. Kommunesamråd. Ergoterapikongress og årets Folkehelsekonferanse.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjon

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Syner til folkehelseprogrammet.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Syner til folkehelseprogrammet og utfyllande årsmelding frå folkehelsearbeidet

Teneste 3250 - Næringsutvikling

Leiar : (Vakant stilling 2013)

1. Omtale av overordna mål
2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:
3. Resultat i budsjett/rekneskap

Tilrettelegging næringsliv vert 100 % finansiert med næringsfondsmidler.

Bruk av næringsfondet 2013:

Tenest e	Teneste (T)	Beløp
1205	Flytt til Hardanger	-227 174,41
3250	Tilrettelegging næringsliv	-3 589 994,00
3253	Tilrettelegging jordbruk	-200 000,00
3255	Tilrettelegging skogbruk	-200 648,00
3256	Vetrinær	-188 068,00
3601	Vilt/fiske-forvaltning	-83 371,00
3650	Kulturminneforvaltning	-14 750,00
3750	Museum	-12 000,00
3850	Kulturadministrasjon	-626 000,00
3852	Andre kulturaktivitetar	-100 000,00
		-5 242 005,41

4. Personale

Bygde og næringsutviklar Ingunn Stana slutta i jobben 20.juni 2013, og stillinga har vore vakant ut året.

Næringsfondet vert handsama av Anne-Marit Lekve i samarbeid med bygde- og næringsutviklar og jordbrukssjef.

5. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon.

.

6. Kompetanseutvikling

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Ingen merknader.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Ingen merknader.

Teneste 3700 - Ulvik Folkebibliotek

Leiar: Bjørn Finne

1. Omtale av overordna mål

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål

- Biblioteket skal dekkja behova til ulike brukargrupper, og arbeider kontinuerleg med å ha ei aktuell samling.
- Folkebiblioteket samarbeider med Brakanes skule om skulebiblioteket og om formidling av litteratur til elevane.
- Hardangerkommunane har ferdigstilt nasjonale lånekort, og har no ein attraktiv webportal, hardangerbiblioteka.no. Samarbeidet med dei øvrige biblioteka i regionen er godt og nyttig. Her er mykje å hente i høve kunnskapsutveksling. Her ligg link til lån av E-bøker
- I regi av biblioteket vert det drive ein lesesirkel som har hatt møter om lag ein gong i månaden.
- Bjørn Finne stod i stillinga som biblioteksjef i 2013. Finne er ikkje fagutdanna innan biblioteksfaget, men har fått dispensasjon frå ABM-utvikling til å stå i stillinga. Det ligg i avtalen at 60 studiepoeng i bibliotekfag vert teke innan utgangen av 2013. Dette målet vert ikkje nådd, men planen er at 45 studiepoeng skal vera unnagjort ved utgangen av 2013. Dei øvrige 15 vert teke våren 2014. Dette målet vert heller ikkje nådd, då studiet i samband med full stilling som biblioteksjef er for krevande.

3. Resultat budsjett/rekneskap

Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Avvik
649534	671821	+22287

4. Personale

Biblioteksjef i 100% stilling.

Bibliotekar i 30% stilling

Granvin herad kjøper bibliotekarteneste av Ulvik herad, noko som binder 40% av den samla ressursen opp til Granvin.

5. Sjukefråvêr

Sjå fellesadministrasjon.

6. Kompetanseutvikling

I samband med andre punktet i omtale av overordna mål har biblioteklova fått ei endring. Vi skal også vere ein arena for offentleg samtale og debatt. Dette er eit område biblioteksjefen har freista å leia. Det krev at ein er i stand til å styre eit ordskifte slik at dei ulike deltakarane kan ta del slik dei ynskjer. Vi har organisert, med nokre eksterne støttespelarar, noko vi kallar filosofisk onsdag. Om lag ein gong i månaden, med oppstart januar 2013 (sjå eige punkt). Biblioteksjefen har arbeidd med ein type tenkning, som eit etterspel av kursa om

endringsledelse, og som ein fekk reflektere omkring på studieturen til Skottland. Det dreier seg om bevisstgjerung og endring/justering av verdsett i høve ulike haldningar. Utgangspunktet/grunnlaget for dette er kanskje Kurt Levin.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Har fått på plass førstehjelpsskrin, brannskadeskrin, og brannteppe.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå ovanfor, pkt. 7.

9. Anna aktivitet/tiltak

Utlåns- og besøksstatistikk 2012,

i parantes 2011

2013

Bøker for vaksne	1714 (2200)	Bøker for vaksne	1711
Bøker for born	799 (1700)	Bøker for born	1178
Sum utlån bøker	2513 (3900)	Sum utlån bøker	2889
Lydbøker for vaksne	316 (370)	Lydbøker for vaksne	301
Lydbøker for born	115 (340)	Lydbøker for born	143
Sum utlån lydbøker	431 (710)	Sum utlån lydbøker	444
Dvd/video for vaksne	567 (500)	Dvd/video for vaksne	491
Dvd/video for born	349 (730)	Dvd/video for born	405
Sum utlån Dvd/video	916 (1230)	Sum utlån Dvd/video	896
Totalt utlån	3860 (5840)	Totalt utlån	4229
Besøk	2443 (3100)	Besøk	2232

Det er generelt ein liten oppgang i utlånet. Men det kan sjåast i samanheng med at 2012 hadde litt kraftigare nedgang. Slik sett har vi kanskje snudd trenden noko. Besøkstalet er framleis litt nedgåande, men ikkje så mykje.

Ei prioritert oppgåve i 2013 var å rydda opp i hyllene gjennom å kassera bøker, for å aktualisere hyllene. Det har vore ordna mykje i vaksen skjønnlitteratur, og magasinet er så godt som ferdig, og det er tilgjengeleg for lånarane. Dette tykkjer ein del lånarar er eit godt tilbod, då dei finn att mange klassikarar. Det utgjer likevel ikkje noko på statistikken. Lyrikksamlinga vert lite brukt og det har vore ein prosess frå slutten av 2013 og over i 2014 der ein har vore i møte med Haugesenteret for om mogleg å flytte lyrikksamlinga dit. Pr.05.03 2014 er det endå ikkje endeleg avklara. Vi har hatt besøk i biblioteket av forfattaren Atle Hansen, og i samband med 100 års markeringa for kvinners stemmerett hadde vi Tove Pemmer Sætre.

Filosofisk Onsdag.

Oppsummering – 2013

Det er vote halde 8 diskusjonsmøte i filosofisk onsdag. Dei fleste har også hatt innleiande diskusjonar i forkant. Bjørn Finne har tidvis vore ordstyrar. Steinar Berge har skrive referata. Olav Berge og Ivar Bu Larsen har også vore aktive i planlegging og med innleiingar.

Onsdag 09. januar: artikkel frå kykjebladet, (ondskap)

Onsdag 30. januar: Arne Næss (livsfilosofi/økologi/spinoza)

Onsdag 06. mars: Løgstrup (den etiske fordringen)

Onsdag 10. april: Lyrikk

Onsdag 22. mai : Aage Hauken (Myten om Jesus)

Onsdag 11. september: Machiavelli, (Fyrsten)

Onsdag 16. oktober: Hellesnes, (sentimentaliteten)

Onsdag 27. November: Camus, eksistensialismen (Myten om sysifos)

Filosofisk

Biblioteket var stengt i juli månad 2013 og i romjula grunna ferieavvikling.

Tenesteområde - Kultur

Leiar : Espen Eide

1. Omtale av overordna mål

I Kommuneplan for 2009- 2020 står det:

Ulvik herad skal ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som fremjar eigenutvikling, fellesskap, trivsel og verdiskaping.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Museum

Heradet sitt engasjement er kanalisert gjennom tilskot til Rallarmuseet Finse og Hardanger og Voss Museum. Rallarmuseet sin status må bli oppgradert i samband med ny kulturplan for Hordaland fylkeskommune i 2014.

Lokalhistorisk arkiv

Behovet for å samla alle gjenstandar i arkivet og ei permanent plassering av Catharine Kølle utstillinga som heradet har overteke frå Hardanger Folkemuseum er framleis uavklara. I samband med ny kulturminneplan vil ein sjå på ein felles portal i Digital Museum.no.

Kulturvernmidlar og kulturminnevern

Det er blitt gjeve 1 tilskot av kulturvernmidlar samt at tidlegare tiltak er ferdigstilt. Ein har fått tilskot frå Riksantikvaren for å laga ein kulturminneplan. Det er ein del av det nasjonale kompetanseløftet til kommunane. Det vil bli ein tverrfagleg plan der også frivillige deltek i planarbeidet.

Kulturmidlar

Ved tildeling av midlar er tilskot til friviljuge organisasjonar som driv aktivitetar for born og unge blitt prioritert. Ekstra tilskotsmidlar har gjort det mogeleg å gje tilskot til ulike kulturaktivitetar.

Heradet yter også eit tilskot til regionale kulturmidlar som Hardanger Kulturråd disponerar.

Ulvik kommunale kino

Kinoen har hatt ein nedgang på 5 % i 2013. Tal publikum i 2013 er 2151 fordelt på 65 titlar (mot 2271 i 2012). Vi har 33 i snittbesøk pr. filmtittel.

Dei 10 mest besøkte filmene utgjør størsteparten av besøket. Barn og ungdom er dei ivrigaste til å oppsøkje kinoen.

Dei 10 best besøkte filmene:

Solan og Ludvig - Jul i Flåklipa – 199 besøk

De tøffeste gutta – 155 besøk

Gåten Ragnarok – 99 besøk

Søsken til evig tid - 86 besøk

Iron Man 3 (3D) – 79 besøk

Frost 3D (norske stemmer) – 59 besøk

Smurfene 2 - 3D – 57 besøk

Monsteruniversitetet 3D– 57 besøk

Hobbiten: Smaugs ødemark 3D – 51 besøk

Thor: The Dark World 3D – 47 besøk

Samla besøk for Hardangerringen er 6.380 (Eidfjord 1882 og Lofthus 2402).

Den Store Kinodagen og skulefilm vart arrangert i 2013.

Ungdomens kulturmønstring (UKM)

UKM mønstringa vart dette året arrangert i Ulvik. Ulvik hadde tre innslag med i tevlinga og 2 innslag gjekk vidare til fylkesmønstringa i Bergen.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

DKS plan er no blitt revidert. I tillegg til tilbodet som skulen får frå fylket, har eigenprodusert aktivitet auka betrakteleg i 2013.

Den kulturelle spaserstokken

Heradet fekk ei løyving som vart nytta til ulike tiltak i eit samarbeid med Eldrerådet, Pensjonistlaget og Frivilligsentralen.

Idrett

Søknad om spelemidlar til fleirbrukshall ,rehabilitering av symjehall og nytt banedekke i Holmen er fornya. Det er sendt inn ny søknad om ljøsarmatur i Holmen. Det er fleire års ventetid på spelemidlar i Hordaland fylke. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ikkje blitt revidert.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: kr.939.000

Rekneskap: kr.1..039.00

Resultat: - kr.100.000

Rekneskapen syner eit meirforbruk som skuldast ekstra utgifter på kino (kr.56.000) i samband med vedlikehald og utstyr, høgare filmleige og lågare inntekt enn stipulert. Resten av meirforbruket kjem på teneste 3850, som kan forklararast med auke i lønskostnader m.m..

4. Personale

Det er tilsett kultursjef i 50% stilling, arkivar på lokalhistorisk arkiv i 45% stilling, 30% stilling programsjef Ulvik kino – Hardangerringen kinosamkøyring og 3 kinoteknikarar i ca. 7 % stilling kvar, til saman ca 1,5 årsverk. *50 % stilling som rådgjevar.

5. Sjukefråvær

Sjukefråvær er på 0,9 %.

6. Kompetanseutvikling

*Rådgjevar har teke kurs som internkonsulent for Miljøfyrtårn sertifisering.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Ingen særskilte merknader.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Ingen særskilte merknader.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Ved innføring av digital kino er det kome til mange nye ansvars- og arbeidsområde som krev datafagleg kompetanse og som fører til ekstra utgifter. Utstyret må sikrast på same måte som annan kommunal ikt-infrastruktur.

10. Anna aktivitet/tiltak:

17. mai komité

Medlemer vert vald frå dei ulike rodene som heradet er delt inn. I evaluering av arbeidet til komiteen vart det peika ut medlemer til neste års komité.

Kulturprisen

Prisen vart i 2013 tildelt Ulvik skulemusikklag som i år kunne markera 50- årsjubileum.

Hardanger Kulturråd

Det har blitt drøfta om tilskot til rådet bør aukast samt rådet sin formelle status i høve Hardangerrådet. Rådet er med i planarbeidet i samband med Hardanger 2014 og markeringa av 200-årsjubileet for grunnloven.

Ulvik kino

Det står att å investera i utstyr for visning av reklame og konsertar m.m.

Heradshuset

Det står framleis att ein del byggtekniske investeringar på huset for å stetta krava om spelemidlar.

Fleirbrukshallen

Kultur har ansvar for å fornya søknad om spelemidlar. Teknisk eining har ansvar for framdrift i planlegginga. Kultur er representert i gruppa som skal planlegga utbygginga.

Ulvik Festivalutvikling Ulvik Poesifestival KF

Det kommunale føretaket har vore ansvarleg arrangør av Ulvik Poesifestival og for teknisk drift av Heradshuset. Med verknad frå og med 11.9 13 gjorde heradstyret vedtak om å avvikla føretaket og overføra drifta til Nynorsk kultursentrum (NK). Til grunn for vedtaket er ein avtale om framtidig drift og utvikling av festivalen mellom heradet og NK (sitt styre). Drift av heradshuset vert overført teknisk eining. Festivalsjef i 50% stilling går over i anna stilling i heradet.

Folkehelse

Kultur er representert i Folkehelserådet og har vore med i utarbeiding av eit handlingsprogram. Folkehelse skal bli integrert som ein del av planarbeid og ulike aktivitetar på einingane. For kultur er dette mest aktuelt innanfor idrett - og friluftsliv.

****Miljøfyrtårn***

I kommuneplan 2009 -20 står det at "Ulvik herad skal, som Miljøfyrtårnkommune, arbeida for ei berekraftig utvikling og leggja til rette for miljøtiltak for befolkninga". Arbeidet med å sertifisera heradet har no starta opp. Det er oppretta ei tverrsektoriell miljøgruppe og ein handlingsplan for sertifiseringa er vedteken. Sentrumsbygget vil først bli sertifisert og så fylgjer dei andre bygg og einingar opp i løpet av 2015- og 16. Arbeidet skal integrerast i heradet sitt HMT arbeid og bli ein del av det kommunale årshjulet. 1.april er fristen for innsending av årsrapport til Miljøfyrtårnportalen.

****Flyktning***

Heradstyret har gjort vedtak om å busetja inntil 15 personar over ein 3-årsperiode. Ei tverrfagleg gruppe arbeidar med å førebu organisering og vurdera samarbeid og kjøp av tenester frå nabokommunar. Frå KS vert det opplyst at for kommunane vert dette ei permanent ordning i åra som kjem.

****Cittaslow***

Heradstyret har gjort vedtak om å søkja sertifisering som Cittaslow kommune. Om lag 150 kommunar i 25 land er medlem i dette nettverket. Blant måla for rørsla er det å ta vare på mangfaldet og særtrekka kvar kommune har. Hovudmålet er å betra livskvaliteten til innbyggjarane gjennom å skapa identitet til kommunen og staden. Det er eit omfattande arbeid å gå i gang med ein slik prosess og som vil krevja involvering på mange plan i lokalsamfunnet.

Oppsummert

I "NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014" vert det understreka at for å styrkja den "kulturelle grunnmuren" i åra som kjem, meiner utvalet som står bak utredninga, at Kulturløftet 3 må vera eit lokalt kulturløft. Medan ein ventar på dette, kan det vera på sin plass å gå i gjennom den kulturelle infrastrukturen som heradet har bygd opp gjennom åra. Ein ambisjon om å bli Hordaland fylke sin kandidat til "Årets kulturkommune 2015" som blir delt ut anna kvart år. Nomineringa tek til no i 2014. Og som eit motto på vegen, henta frå slåttesteivet: "Eg er liten eg, men eg vågar meg...."

*= rådgjevar sitt arbeids- og ansvarområde

Ansvar 220 - Barnehage

Leiar : Svanhild Dybsland

1. Omtale av overordna mål

Lov om barnehagar og Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen

Ulvik h.st: Full barnehagedekking, 50% pedagogar, barnehagen open heile året

Ulvik barnehage: Ein plass der alle trives. Alle blir sett og høyrte, alle får utfordringar og opplever mestring. Alle kjenner tryggleik, respekt og likeverd, og alle får vera med å påverke eigen kvardag. Glede og humor pregar kvardagen.

Merkevare: *Grøn barnehage*

Satsingsområde 2013:

«Kreative barn i barnehagen» avslutta vår 2013

«Barns trivsel – dei vaksne sitt ansvar» byrja haust 2013

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Barnehagen har hatt full barnehagedekking, 50% pedagogar og ope heile året. Ein pedagog var i fødselspermisjon og mange var sjukemeld i kortare og lengre periodar, men frå januar er dei fleste tilbake i 100% stilling.

Styrar og dei tilsette har eit sterkt ynskje om å stengja barnehagen i minst 2 veker i skuleferien. Grunnen er høgt vikarbehov og innskrenka vikarbudsjettt samt vanskar med å få avvikla personalet sin ferie utan at det går utover tryggleik og kontinuitet for borna. Tidlegare h.st sa nei til stenging, men styrar vil fremja saka på nytt med ei grundigare grunngjeving.

Full barnehagedekking heile året er eit problem for barnehagen. Det er eit ynskje om å redusere opptaket til 3 gongar i året for å skape nødvendig ro i barnegruppene. Fleire born med foreldre knytt til hotellet nyttar berre plassen i sesongen og seier opp plassen i oktober. På denne måten tapar heradet inntekter både frå foreldre og frå staten, då desse borna ikkje vert med i rapporteringa om tal born pr. 15.desember.

Styrar er svært nøgd og stolt over innsatsen til personalet, på tross av stort sjukefråvær. Planar vart fylgt opp på ein god måte og alle gjorde sitt til at Ulvik barnehage framleis er i utvikling. Barns medverknad og trivsel har stått i sentrum og me har jobba godt med å leggja til rette for vennskap og samhald i gruppene på tvers av alder og kjønn.

Kultur og samfunn, natur og miljø

Den kulturelle skulesekken: 5-åringane fekk delta på rikskonsertane si framføring av «Peter og Ulven» og 4- og 5-åringane fekk delta på teaterførestillinga om Askeladden og dei gode hjelparane. FN-dagen var 5-åringane på tenestetorget, dei song og synte fram teikningar dei hadde laga, inspirert av barnerettane frå FN-konvensjonen som dei hadde jobba med i gruppa. Hausten 2013 snakka 5-årsgruppa ein del om demokrati både i samband med stortingsvalet og om tilsetjing av ny rådmann. Tradisjonen tru var barnehagen på sjukeheimen på Luciadagen. Dei fekk gode tilbakemeldingar på kor flinke dei var til å syngja. Personalet syng mykje saman med borna, og det er kjekt at det synast att. Til våren vil dei ta eit nytt besøk.

Barnehagen har framleis eit stort engasjement innafor natur og miljø. 5-åringane har i samarbeid med 2 engasjerte fedrar studert fiskelivet i elva, Gauro, ei elv som for

om lag 20-30 år sidan var heilt «daud» grunna forureining frå jordbruket, men som no har fått liv att. Saman med prosjektet fekk borna utdelt ei bok om livsløpet til laksen. Korleis blir laksen til, kva er forskjellen på laks og aure, barne og ungdomstida i elva, Den farlege lakselusa, rømlingane i elva, den store reisa og farar som trugar, mat, fiendar og reisa heim – er tema som vert snakka om. Prosjektet held fram våren 2014.

Ein dag i veka var det miljøgruppe for alle 3-5åringane. Her utforska dei naturen i nærområdet. Dei grov etter makk i komposten, fekk bruke sansane sine ved å kjenne, sjå og lytte til makk og andre småkryp. Dei fann maur, biller og tusenbein og brukte lupe, lupeboks og bestemmingsduk for nærare studiar. Dei fann blomar og nytta floraen flittig, snakka om kjempespringfrø og kvifor den er svartelista, og dei fann sopp som borna fotograferte. Me snakka om giftig sopp og korleis ein skal opptre i høve til sopp, nytta lupeboks og diskuterte sporar og formar. Borna samla lauv, nytta bestemmingsduk og fekk samstundes ei kort innføring i fotosyntesen. Ein tur til våtmarksområdet vart det også tid til og borna fekk veta litt om verning og kva som kjenneteiknar våtmark, bekkar og elver. Borna fekk plukka restpotet i gartnaraskulen sin åker utanfor barnehagen, og dei vart nytta i middagane på fredagar.

Foreldra har signalisert at dei ynskjer at borna er mest mogeleg ute og at dei kjem seg ut på tur jamleg. Det tok me tak i. Me gjennomførte ein turdag i veka og starta eit Lavvo-prosjekt bak miljøstasjonen. Her har me ein flott base med utgangspunkt til idrettsbane, strand, fuglekikkehuset, skogen og flott ski/aketerreng om vinteren. Her gjorde assistentane på Tyrihans ein fantastisk innsats i ein periode med mykje fråvær på avdelinga. All ros til dei. Då dei var komne i stand inviterte dei til foreldrekaffi rundt lavvoen, og det var god oppslutnad om arrangementet. Det betyr mykje at foreldra kjem når me legg opp til slike samlingar, anten det er foreldrekaffi eller foreldremøte. Me har klart å gjennomføre turar og verkstadgrupper ein gong i veka sjølv om me til tider har mangla personale.

Satsingsområdet – kunst kultur og kreativitet

Når det gjeld satsingsområdet , «kreative barn i barnehagen», var det musikk, drama og skuggeteater som hadde hovudfokus. Difor la me inn dans/musikkgruppe og dramagruppe i verkstadopplegget vårt på våren. Borna har synt stor kreativitet med gjenbruksmateriale og klossar. Felles songstund og måltid mellom avd Tyrihans og Askeladden ein gong i månaden har vore vellukka og vil halda fram.

Småbarnsavdelingane nytta mykje song i kvardagen og har faste songstundar. Borna stortrives med dette. Dei nytta bordspel i eventyrmånaden og dramatiserte eventyra på ulike måtar. Dei har også hatt fleire små land-art-prosjekt utanfor gjerdet som folk legg merke til når dei køyrer forbi. Dei jobba litt med måling liming og hadde ei fin utstilling på sommarfesten. På Tyrihans hadde borna teaterframsyning for foreldra om Gullhår og dei 3 bjørnane. Ei god sosial trening og borna var kjempeflinke.

Elles gjennomførte me dei tradisjonelle opplegga som karneval, sommarfest, haustfest, Miljøveke, brannvernveke samt adventsamlingar i desember.

Helse, kosthald og fysisk miljø

Me legg stor vekt på sunt kosthald i barnehagen og er med i «Fiskesprell» der me har fisk annankvar gong me har varmt måltid. Me serverer ulikt fiskepålegg og gjerne litt grønsaker til lunsj-måltidet og me har kutta ut yoghurt til fordel for meir frukt til fruktmåltidet. Frå 1. oktober kutta me ut frukostsmøring på 3-5årsgruppene, og borna måtte då ha med matboks. Det kom mange og store reaksjonar på dette og foreldra meinte at barnehagetilbodet vart dårlegare. Leiar i foreldrerådet fekk i oppdrag å jobbe vidare med saka og mellom anna undersøke korleis det er i andre barnehagar i regionen. Det er svært få barnehagar som har påsmøring til frukost fordi ein som oftast


ikkje er fullt bemanna på denne tida og at måltidet vert meir hektisk og dermed mindre pedagogisk. Dei som har påsmøring har som oftast ekstra bemanning. Styrar var nøydd til å ta omsyn til dette samt personalets totale arbeidssituasjon, og oppmoda foreldra om å ha sunn mat i boksen både for barnets og gruppa si skuld.

Barnehagen er beviss i forhold til bruk av sukker både i form av pålegg og anna servering. Det vert servert mjølk eller vatn som drikke til maten. Inneklimaet er godt, men støymåling synte at me treng støydempende takplater på avdeling Tyrihans. Som ei førebels løysing på problemet vart det kjøpt inn støydempende golvmatter og bord. Me har gode rutinar på handvask før mat og etter do-besøk, og borna får antibakterielt skum 2 gongar for dagen for å hindre smitte. Me har berøringsfrie kraner på alle avdelingar. Uteområdet er stort og allsidig og gir borna gode høve til fysisk utfolding.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Barnehagen fekk eit overskot også dette året. Diverre kjem refusjonar ofte i etterkant. Det er difor vanskeleg å kalkulere eksakt kor mykje ein kan bruke per 31.desember. I år var det tilbakebetaling av pensjon som utgjorde overskotet. Netto forbruk dei siste 3 åra:

2013	2012	2011
6.497	6.447	5.770



Brutto utgifter per barn 2009, 2011, 2013

Dekningsgrad 2009, 2011, 2013

Utgiftene er ikkje spesielt høge i Ulvik barnehage til tross for betre økonomi enn dei fleste nabokommunane. I ein periode på 5 år ser det ut til at Ulvik og Ullensvang har vore ganske like over tid. **Netto driftsutgifter per barn** var 128.702 i Ulvik, Granvin 155.938, Eidfjord 176.000 og 06kostragruppe 123.830. Hordaland låg på 122.542.

Dekningsgraden var lågare i Ulvik enn forventa då me har gjeve plass til alle som har søkt. Grunnen er m.a. at færrebarn har søkt og fleire born til hotellfolka byrjar i april og sluttar i oktober. Dei kjem difor ikkje inn i rapporteringa per 15.desember.

Det har elles vore ein formidabel auke frå 107.769 kWh i 2012 til 158.856 kWh i 2013. Dette til tross for at me jobbar hardt for å minske forbruket. Den einaste forklaringa me kan finne er at ventilasjonsuret har vore defekt slik at anlegg og varmeelement har gått heile døgnet i staden for 8 timar. Uret vart skifta i desember 2013 og det synte att på forbruket den månaden, så no vonar me at resultatet i 2014 kjem tilbake til normalen. Utskrift frå januar/februar 2014 er særst positive og forsterkar såleis forklaringa. Styrar vil frå no av få tilsendt straumforbruk kvar månad slik at ho kan halda ein viss kontroll over uregelmessigheiter.

4. Personale

Omfattande bruk av vikarar, men noko betring utover hausten. Har prøvd å nytta same vikar på dei ulike avdelingane for å sikre kontinuitet. Ingen oppseiingar og ingen nytilsette. Det er godt samarbeid både på og mellom avdelingane og me jobbar heile tida med å gje både personale og barn medverknad på eigen kvardag.

5. Sjukefråvær

21,99%. Det høgaste fråværet nokon gong. Prosenten var høgare i vårhalvåret. Mange av dei sjukemelde er no tilbake i 100%.

6. Kompetanseutvikling

- ein kursdag for heile personalet: «Å leia og bli leia – samarbeid for gode barnehagar»
- 2 kveldskurs à 3,5 timar for heile personalet: «Det er mitt val»
- Kompetanseheving for assistentar 2013-2014: Ein assistent deltek
- «Søt eller tøff eller fritt val» 2 pedagogiske leiarar deltok.
- Kurs om språkkartlegging «Nye TRAS. Styrar og ein pedagogisk leiar deltok
- Styrar deltok på seminar som Voss inviterte til. Temaet var å få til eit samarbeidsprosjekt med fleire kommunar der ein fokuserte på å utvikle den gode barnehage, samt ein invitasjon til å bli med på programmet Zero i barnehagen, noko Voss har hatt pilotprosjekt på. Pga. stort fråvær og mange andre prosjekt valde me å ikkje delta vidare.
- Styrar var på 2 møte med Fylkesmannen. Nytt på barnehagefronten. Dette er ein viktig møteplass for styrar både administrativt og fagleg.
- Kurs for leiarteamet om «Normen» og kvalitetslosen
- Styrar og ein assistent deltok på kveldskurs i Bergen om psykisk helse i samband med verdensdagen for psykisk helse
- Styrar deltok på kveldskurs i Eidfjord om rus og rusførebygging v/Bergensklinikkene. Svært interessant og lærerik førelæsing som har fått direkte påverknad på barnehagen sin

årsplan – «det viktigaste for å lukkast i livet er god tilknytning, venner, å kjenne seg elska, ikkje kjenne seg mobba eller utestengt, eit godt språk og god sosial kompetanse.».

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Verneombod deltok på arbeidsmiljøkonferansen i Ulvik.

Møte med Grend og Verneombod: Utarbeiding av handlingsplan

Me hadde branntilsyn i samband med at me fekk ny brannsjef.. Det kom ein merknad som barnehagen skulle fylgja opp. Resten gjekk på teknisk etat. Styrar har oppfylt sin del som gjekk på å endre rutinar for eigenkontroll.

29/5 var det akustikkmåling i barnehagen. Dei vurderte Tyrihans som for dårleg og den avdelinga som først burde prioriterast. Saka ligg hos teknisk etat.

Barnehagen fekk store pengesummer frå NAV pga mange og lange sjukemeldingar. Då me nytta vikarar med lågare løn og berre tok inn vikarar når det var strengt nødvendig, nytta me delar av overskotet til å kjøpe inn 4 hev-senk stolar på hjul til personalet.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

27/11: Beredskapsøving: Casen var brann i turistskip. Interessant og lærerikt for styrar å få delta i heile prosessen.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

- Nytt bygg med «gymnastikksal», kontorplassar og diverse spesialrom til borna.
- Støydempande takplater på avdeling Tyrihans
- Innebygd altan til barnevogner
- Utbetring av tunet og overbygg mellom avdeling Askeladden og hovudkjøkkenet
- Fleire vegghengde og støydempande bord
- Styrar ynskjer seg ein ekstra administrativ ressurs knytt til barnehagen.
- Det er behov for å styrke bemanninga, særleg på dei avdelingane med 2 pedagogar.
- Det er snakk om 20 - 40% stilling for å kompensere for planleggingstida.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Våren 2013 vart **Klokkargarden**, vår 5. avdeling, revet. Me tykte det var viktig å gje borna litt historisk kunnskap om den gamle garden, så vi hadde eit prosjekt i samband med rivinga. Me henta inn opplysningar frå den eldre garde i bygda og borna fekk i oppgåve å 41

spørja litt heime. Borna hadde mange spørsmål som dei ville ha svar på og dei fekk fotograferer heile rivingsprosessen.

Barnehagebygget var **30 år** i 2013, så me hadde ei lita utstilling med kake, eplesaft og kanapé i gamle Lekve skule. Me kombinerte feiringa med julekaffi på avdelingane. Både ordførar og rådmann var innom samt ein del av foreldre, barn og sysken. Mange fann seg sjølv att på gamle foto og dei fekk sjå den store utviklinga som har skjedd frå barnehagen fekk si eiga lov i 1975 og fram til i dag.

Ansvar 230 – Undervisning

Ansvarsområdet undervisning kap 230 har desse tenestedområda;
2020 Grunnskuleundervisning; inkl 2021 PP-teneste og 2221 Skyss til/frå skule
2131 Vaksenopplæring framandspråklege
2150 Skulefritidsundervisning, (SFO)
3830 Kulturskule.

Leing av kap 230:

Einingsleiar for kap 230 er og rektor for grunnskule; Thor Erling Larsen.

Det er tilsett SFO-leiar og Kulturskulerektor.

0,2 stilling som pedagogisk konsulent (kommunal skulefagleg ansvarleg) er plassert i stab hjå rådmannen, men han er i resten av stillingen sin knytt til skulen som assisterande rektor.

Vaksenopplæringa har ikkje eigen leiar, men ligg direkte under einingsleiar.

Hovudtala for ansvarsområde 230:

Budsjett: 18.097.000

Justering 248.000

Rekneskap: 17.963.000

Resultat: + 134.000 før budsjettjustering

Resultat + 382.000 etter budsjettjustering

Budsjetttramma før justering er dermed brukt, med ein margin på 0,7%, som må seiast å vera innanfor akseptabelt avvik, og området leverer relativt gode tenester.

Dei siste justeringane, som m.a. kom av refusjonar av sjukepengar og regulering av pensjonsinnbetaling, er vanskelege å berekne og vert gjort så seint i året at det ikkje gjev høve til å gjere driftsmessige endringar innan den nye ramma. Det betyr at vi gjorde innstrammingar i siste tertial som det ikkje var behov for, og at tenestetilbodet vårt kunne vore betra. Forbruket i høve til justert budsjett er 98%, også det er akseptabelt.

Dei varsel som vart gjevne i tertialrapportane om fare for overskridingar var basert på usikker informasjon om nivå på justering av budsjettet.

For dei einskilde tenestedområda ser det slik ut:

Teneste 2020 Grunnskuleundervisning, inkl skyss og PPT.

Leiar : rektor/einingsleiar Thor Erling Larsen.

1. Omtale av overordna mål

Grunnskuleundervisninga skal vera tilpassa evner og føresetnader til den einssilde eleven. Elevane skal arbeida i eit skulemiljø fritt for krenkande åtfærd og mobbing. Hovudsatsingsområde i verksemdsplanen har i 2013 vore knytt til rekning i alle fag, klasseleiing og systematisk leseopplæring/lese- og læringsstrategiar. Me skal nytta PPT og anna regionssamarbeid i eit omfang som sikrar godt læringsmiljø, tilpassa opplæring og god spesialundervisning.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Elev-/foreldre-/lærarundersøkinga hausten 2013 (Udir si kartlegging av m.a. læringsmiljø og kvalitet på opplæringa) og Tilstandsrapporten 2014 inneheld viktige opplysningar. Dei viser at Brakanes skule er ein god og velfungerande skule, med høg trivsel, gode faglege resultat og lite, men diverre framleis noko, mobbing. Talgrunnlaget må me hugsa på er lite, men funna i undersøkinga samsvarer godt med den vurderinga skulen sjølv gjer gjennom året. Tilstandsrapporten 2014 vert ikkje endeleg klar frå udir før etter 18.mars og kjem som eiga melding til heradsstyret.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 16.639.000 Rekneskap: 16.419.000 Resultat: + 220.000 (Mindreforbruk.) Mindreforbruket kjem m.a. av i overkant streng budsjettdisiplin siste tertial. Rapporten etter 2. tertial viste at me styrte mot eit klart meirforbruk. Mindreforbruket er og ein konsekvens av at refusjonar for sjukefråvær i siste tertial ikkje er så lette å berekna, og at korrigering av pensjonsutgifter kjem seint i siste tertial. Det vart eit meirforbruk på lønn/personalutgifter, som til slutt vart overkompensert med auka refusjonar, tilskott og innstramming i drift. Dette ut frå klare pålegg i oktober om ikkje å gå ut over vedtekte budsjett, trass i endring i tal elevar med uvanlege/særskilde behov og utfordringar.

Kostratal 2013: (Tala for 2012 står over 2013-tala i tabellen, for samanlikning)

Kostratal 2012/2013 (1000 kr)	Ulvik	Gruppe 06	Jondal	Granvin	Eidfjord	Horda- land	Landet u/Oslo	Landet totalt
Gjennomsnittleg klasse eller gruppestørleik 8.-10.-klasse	7,4/ 10,5	9,1/ 9,1	9,5/ 10,2	9,1/ 10,2	7,6/ 7,8	14,9/ 14,9	14,6/ 14,3	14,7/ 14,4
Netto drifts-utgifter til grunnskole-sektor <u>pr inn-bygger 6-15 år (1000kr)</u>	171'/ 176'	150'/ 153'	121'/ 145'	146'/ 151'	199'/ 217'	96'/ 98'	96'/ 99'	97'/ 101'
Korrigerte brutto driftsutgifter til <u>pr elev (1000kr)</u>	162'/ 169'	150'/ 153'	133'/ 141'	146'/ 159'	180'/ 197'	98'/ 102'	97'/ 101'	96'/ 100'
Andel % elevar i grunnskulen som får spes undervisning	7,4/ 9,6	11,6/ 10,7	18,0/ 21,1	12,1/ 9,8	11,9/ 14,9	8,2/ 8,1	8,6/ 8,4	8,5/ 8,3

Kostratala varierer meir frå år til år i små kommunar enn i store einingar, kommunegrupper, fylke og landsoversyn. (Kostratala er unøyaktige for Ulvik når det gjeld gruppestørleik i 8.-10.-klasse, der korrekte tal i 2012 var 13,7 og i 2013 10,0.) Det kostratala viser for Ulvik, er at utgiftene pr elev i 2013 ligg over kommunegruppa,

som i 2012. Skilnaden mellom Ulvik og grannekommunane er lågare enn i 2012. (Utgifter er eigentleg knytt til antal klassar på ein skule, sidan 80-85% av utgiftene er knytt til lønn, og ein klasse krev ei viss grunnbemanning. Det ville difor vore bra om Kostra også gav tal som viser utgifter pr klasse.) Ulvik har dessutan ei gratis kantineordning som og slår ut på driftskostnadene. Andel elevar med spesialundervisning er noko auka, men det er gode sakkunnige tilrådingar som styrer dette.

4. Personale

I grunnskulen vert det som regel gjort stillingsjusteringar pr 1/8, m.a. ut frå situasjonen ved skulestart; grunnbemanning for 10 klassar, behovet for ressursar til tilpassa opplæring, spesialundervisning, assistentar, opplæring for framandspråklege og deling av klassar i fag med særlege krav til tryggleik og romkapasitet (symjing, mat og helse, musikk og kunst og handverk). Tala nedanfor er pr 1/8-2013.

Samla har me redusert med 0,6 stilling frå skuleåret 2012-13 til 2013-14.

Til grunnskuleundervisning: 18,3 årsverk fordelt på 24 pedagogar i 10-100% stilling. Til leiing: 1,6 årsverk fordelt på oppgåver knytt til einingsleiar/rektor, ass. rektor.

Til fagarbeidarar/assistentar/kantine i skule: 2,6 årsverk fordelt på 4 fagarbeidarar.

Til merkantile føremål: 0,37 stilling for sekretær (og 1 stilling til fagarbeidar data – med ekstern delfinansiering.)

Til teknisk og pedagogisk drift av IKT: 0,4 årsverk fordelt på 2 tilsette.

Til saman vert det for grunnskule 24,3 årsverk fordelt på 32 tilsette.

I tillegg kjøper me personalressursar frå Voss kommune i tilknytning til spesialundervisning og logopedi.

5. Sjukefråvær

Grunnskulen hadde i 2013 4,96% sjukefråvære, av dette er 0,94% korttids og 4,02% langtids. Korttidsfråværet er svært lågt, og kan avspegla at det er høg arbeidsmoral og god trivsel og tilrettelegging på arbeidsplassen.

6. Kompetanseutvikling

Personalet har delteke på interkommunale kurs, eksterne fagkurs, internopplæring innanfor sine fagområde.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Vernerunde er gjennomført. Rapporten konkluderte med nokre obs-punkt og merknader. Oppfylging er gjort. Ikkje alle merknader knytt til bygg er utbetra enno. Brannøvingar er tilfredsstillande gjennomførte. Medarbeidersamtalar vart gjennomført for om lag 90% av dei tilsette i 2013, men alle hadde tilbod om samtale.

Skulen er godt vedlikehalden. Reinhold og vaktmeisterteneste har god kvalitet.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Skulen v/leiar deltek i dei beredskapsøvingane, planleggingsmøta og tverretatlege drøftingane som vert gjennomført i kommunal kriseleiing sin regi. Det er ikkje utarbeidd eigen kriseplan for kriser av typen 22.juli, dvs situasjonar knytt til våpen og trugsmål. (Eininga sin beredskapsplan skal reviderast i 2014, i samband med øving.)

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Skulen sine innspel til Handlingsprogram, eller langtidsbudsjett, inneheldt for 2013 ein del viktige punkt som ikkje fekk økonomisk gjennomslag. Det har fått som konsekvens at aktivitetsauke/nye tiltak og oppgåver må dekkast innan eksisterande rammer. Deler av tenestene må difor reduserast. Det gjeld i hovudsak gruppedeling, pedagogisk styrking og spesialundervisning. I 2013 har me igjen måtta justera opp timetalet til

norskopplæring for framandspråklege, sidan me har fått relativt mange nye elevar med anna morsmål enn norsk.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Grunnskulen samarbeider godt med foreldre og med dei andre kommunale og interkommunale etatane.

Brakanes skule gjennomfører sine obligatoriske ekskursjonar og leirskuleopphald, og har i 2013 skjerpa gratisprinsippet knytt til obligatorisk opplæring.

Teneste 2131 Vaksenopplæring

Leiar : Thor Erling Larsen

1. Omtale av overordna mål:

Vaksenopplæringa skal gje tilflytte framandspråklege grunnleggjande norskkompetanse. Opplæringa har to målgrupper; dei som kjem med både rett og plikt til opplæring, og dei som kjem utan plikt og dermed utan rett. Vaksenopplæringa gjev tilbod til begge gruppene.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Vaksenopplæringa tek utgangspunkt i rett og plikt, og arbeider med å leggja opplæringa opp slik at også flest mogeleg andre med behov for norskopplæring kan delta. Det er tilbod om inntil 6 timar pr veke, og det er litt lite i høve til å få til intensiv opplæring, men det samsvarer med den opplæringskapasiteten dei fleste har. Resultata er slika at elevane relativt raskt når opp og består Norskprøve 1, men brukar noko lenge tid for å bestå Norskprøve 2. Ein elev får tilleggsopplæring ved at me kjøper skuleplass på Voss.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 19.000 Rekneskap: -228.000 Resultat: - 247.000 (Mindreforbruk)

Av mindreforbruket skuldast 134.000 eit høgare tilskot enn budsjettet og 113.000 skuldast nedgang i lærarstilling/lågare aktivitet enn medrekna i budsjettet. Dette kjem av at fleire elevar med rett og plikt ikkje har kapasitet til å ta ut opplæringa si i det omfang me kunne ha gjeve.

4. Personale

Det er 0,35 årsverk knytt til tenesta, 1 tilsett. I tillegg kjøper me noko tenester frå Vaksenopplæringa på Voss.

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet er lagt inn sin del av skulen sitt.

6. Kompetanseutvikling

Lærar i norsk for framandspråklege har vore på kurs i sitt fagområde, og ho tek etterutdanning. I tillegg fungerer ho som sensor ved norskprøvene i andre kommunar, noko som i seg sjølv er lærerikt og inspirerande.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

8. Samfunnstryggleik og beredskap

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det er i langtidsbudsjettet varsla at Ulvik herad må rekne med auka utgifter til norskopplæring i takt med ønskt og nødvendig arbeidsinnvandring.

10. Anna aktivitet/tiltak

Vaksenopplæringa i Ulvik kjøpte i 2013 tenester frå Vaksenopplæringa på Voss for ein elev.

Teneste 2150 Skulefritidsundervisning, SFO

Leiar : Dagleg leiar Wencke Opedal, Einingsleiar Thor Erling Larsen

1. Omtale av overordna mål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuletida. Tilbodet er for elevar i 1. - 4. klasse og for elevar med særskild trong (funksjonshemma born) i 5.-7. klasse. SFO skal leggja til rette for **leik, fritids- og kulturaktivitetar og leggja vekt på å gje borna natur- og kulturopplevingar i nærmiljøet**. Kulturskulen skal vera viktig samarbeidspartnar. SFO skal drivast i samsvar med skulen si målsetjing.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

SFO leverer eit tenestetilbod godt i samsvar med dei behov foreldre har for trygg avlastning i ein travel kvardag. Brukartilpassinga er god. Foreldreundersøkinga hausten 2013 viser at tilbodet har god kvalitet, aktivitetane er varierte og stimulerande, og foreldra er i stor grad nøgde.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 398.000 Rekneskap: 443.000 Resultat: + 45.000 (Meirforbruk)
Meirforbruket kjem i hovudsak av at SFO no er betre brukartilpassa enn før, men elevtala er slik at det medfører noko reell ledig kapasitet i høve til bemanninga. Talet brukarar er gått litt ned, dvs inntektene er litt lågare enn budsjettert. Normen er 12 barn pr tilsett. Born med særskilde behov treng auka vaksentettleik. Når me har mange med særlege behov må me bemanna noko opp for å halda tenesta på eit tifredsstillande nivå for alle. Difor vert personalkostnadene noko høgare enn dei kunne vore dersom me hadde hatt max tal betalande born i avdelinga.

4. Personale

I SFO er det tilsett dagleg leiar i 0,65 årsverk (av dette er 20% tid til leiaroppgåver/administrasjon), og det jobbar 3 fagarbeidarar som samla deler 0,90 årsverk, frå 8 til 32% på kvar)
Samla bemanning på SFO er dermed 4 tilsette som deler ca 1,55 stilling.

5. Sjukefråvær

SFO har 0,27% fråvære (korttidsfråvære) i 2013. Det er ein markert nedgang frå 2012.

6. Kompetanseutvikling

SFO-personalet har delteke på SFO-konferansen 2013.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Det er få rapporterte uhell/ulukker i SFO, og ingen alvorlege skader. Det vesle som er, kjem av vanleg aktivitet – av og til litt uvøren leik. Men risikoen er akseptabel og dei tilsette opplever å ha god oversikt og kontroll.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Viser til teneste 2020.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det er i langtidsbudsjettet ikkje varsla store kostnadskrevjande tiltak. SFO er dynamisk tilpassa brukarbehovet, og dermed noko sårbart i høve til tilsette som kan oppleve at stillingsstorleikar vert justerte meir eller mindre årleg. Dette kan gjera det noko uføreseieleg, og arbeidsgjevar er merksam på mogelege konsekvensar av dette, som risiko for slitasje, jobbskifte.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Koplinga SFO og gratis leksetid har i 2013 fungert litt ulikt for elevar på ulikt alderstrinn. Røynsla til både skule og SFO er at leksetid fungerer best i 3.-4.-klasse, medan 1.-2.-klassingane har meir behov for å leika etter 5 timar på skulen, enn å gå rett i gang med leksene. Kulturskuletimen gjennomførte me i SFO-tida hausten 2013, og avslutta forsøket etter nye signal frå departementet etter regjeringsskiftet.

Teneste 3830 Kulturskule

Leiar; Kulturskulerektor Erlend Styve. Einingsleiar Thor Erling Larsen.

1. Omtale av overordna mål

Den enkelte elev får utvikla sine musikalske/kunstnarlege evner og anlegg.
Det vert lagt grunnlag for eit rikt musikk og kunstmiljø i heradet.
Lokal kunst og musikktradisjon vert vidareført.
Alle som ynskjer det skal få eit tilbod i kulturskulen.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Kulturskulen leverer tenester i det omfang og med den kvalitet heradet ynskjer, dvs at alle som ynskjer det skal finna gode tilbod i kulturskulen. Kvaliteten viser seg ved dei årlege konsertane og utstillingane, som får god mottaking og mykje ros. Det er ein viktig kvalitet at alle får plass, også på framsyningane.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 1.289.000 Rekneskap: 1.329.000 Resultat: + 40.000 (Meirforbruk)
Meirforbruket skuldast litt dyrare kjøp av tenester frå andre kommunar, at me i 2013 har måtta nytta vikarar, og at utgifter til skyssgodtgjering for dirigent har auka.

4. Personale

I kulturskulen er det frå 1/8 tilsett kulturskulerektor i 0,8 stilling (herav 25% tid til leiing/administrasjon).
Til opplæring elles er det tilsett i Ulvik Herad 3 lærarar. Alle tre er og knytt til grunnskuleopplæring. I tillegg kjøper heradet tenester frå Eidfjord og Ullensvang; 3 tilsette. Kulturskulen har tilbod om song, piano, slagverk, samspel, lys/lys, hardingfele, dans, messingblås, skulemusikk, teikning, drama, gitar og bass.
Samla har kulturskulen om lag 2,5 årsverk fordelt på 8 instruktørar, inkl. rektor.

5. Sjukefråvær

Kulturskulen har tradisjonelt lågt sjukefråvære. I 2013 var sjukefråvære for våre egne tilsette registrert til 0%, men vi måtte setja inn noko vikar for tilsette som vert leigde inn frå andre kommunar.

6. Kompetanseutvikling

Kulturskulen har 2-dagars personalkurs i Eidfjord i september kvart år, for fagleg påfyll.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Kulturskulen varsla i langtidsbudsjettet at reduksjonen av kulturskulerektor si tid til å leia arbeidet må tilbake til 35% i løpet av eit par år. I august 2013 auka me opp att frå 20% til 25%. I 2014 er det budsjettet med ein auke til 30%, frå 1/8, og vonaleg er me attende på 2010-nivå innan 2015.

Kulturskulebudsjettet bør ha ein større buffer i høve til å starta tilbod som ligg i ytterkanten av kva som er tradisjonell kulturskuleverksemd, kanskje inn mot det som tradisjonelt er definert som uorganisert aktivitet, for å bidra også til desse behova får heva kvalitet og endra status.

10. Anna aktivitet/tiltak:

Kulturskulen har 80 elevar som nyttar 126 elevplassar. Kulturskulen har eit regionalt samarbeid med 9 andre kulturskular. Dette samarbeidet resulterte i ein felles konsert i Voss kulturhus i november 2013. Kulturskulen/Skulemusikken deltok ved både bru- og tunellopningar i 2013. Kulturskulen er aktive i arbeidet med «Ungdommens KulturMønstring», UKM, og på «De unges festspilldag» i Bergen i mai. I tillegg opptrer elevane på sjukeheimen og blir nytta som innslag på Brakanes hotell. Kulturskulen har lånt ut utstyr til band-øving. Dette står i ungdomsklubben Ameron sine lokale.

Oppsummering kap 230, 2013:

Eg viser til årsmeldinga for 2012. Lite har endra seg.

Både kommuneleiing, skuleeigar, tilsette, foreldre og elevar har i stor grad grunn til å vera nøgde. Det er likevel alltid rom for forbetring og utvikling.

Som einingsleiar er eg stolt over å ha eit dyktig personale som gjer det mogeleg å presentera ei årsmelding som avspeglar nok eit godt arbeidsår. Eininga har mange viktige oppgåver, og tilsette som kvar dag arbeider hardt og målretta for å bidra til at kvar elev skal få maksimalt ut av skuletida si.

Det rekneskapsmessige overskotet bør tilbakeførast til eininga gjennom avsetjing til vaksenopplæring og auka beredskap for meir norskopplæring for minoritetsspråklege.

Ansvar 240 – Helse og sosial

Einingsleiar: Harald G. Johnsen.

1 Overordna mål.

Den overordna målsetnaden for helse og sosial er å tilby tenester i omfang og av ein slik kvalitet som framgår av helse- og omsorgstenestelova til den kostnaden og etter dei rammer som heradstyret har vedteke.

For å løyse den overordna oppgåve er ansvarsområde delt i følgjande avdelingar/tenesteområde:

➤ Helse- og sosialkontoret – tenesteområde 1209.

Helse- og sosialkontoret er overordna administrative leing av eining helse og sosial – ansvarsområde 240 i budsjettet.

Av andre ansvarsområde nemnast m.a.:

Handsaming av saker etter serveringslova og alkohollova inkl. sals- og skjenkekontroll (tenesteområde (teneste 2422),

Støttekontakttjeneste (teneste 2342),

Krisesenterjeneste (teneste 2423),

Omsorgsløn (teneste 2546) og

Personleg brukarstyrt assistent (teneste 2547).

Tilskot til tilpassing av bustad (teneste 2830)

Einingsleiar er koordinator for psykososialt kriseteam og bustadgruppa.

➤ Ungdomsarbeidar/aktivitetstilbod for born og ungdom – tenesteområde 2310.

Tenesteområdet er til dagen leia av ungdomsmedarbeidar Ingvild S. Winters) i 40% stilling.

Ungdomsarbeidar har m.a. ansvar for drift av ungdomsklubb og er skrivar og kontaktperson mellom ungdomsråd og heradet.



Klubbkveld på AMERON.

Dagavdeling – nr. 10, Vaskeriet og Brakanesstova – teneste 2340 og Psykiatrisk sjukepleie teneste 2544.

Tenesta er dagleg leia av psykiatrisk sjukepleiar (Siri Håheim) og femnar om dagtilbodet i Brakanestunet og psykiatriteneste – oppfølging av/samtale med einskildpersonar.

➤ Helsestasjon og jordmorteneste – teneste 2320.

Tenesta er til dagleg leia av helsesyster (Gunnlaug Lekve) og femnar om helsestasjonstilbod for 0-5 år, skulehelseteneste, skulehelseteneste for vidaregåande

skule, helsestasjonstilbod for ungdom og miljøretta helsevern – t.d. reisemedisin og helseopplysning og svangerskapskontroll og oppfølging etter fødsel. Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit frivillig og gratis tilbod for familiar, barn og unge 0 – 20 år. I tillegg har helsesøster gjennom eit formalisert samarbeid med skule og barnehage eit kontinuerleg fokus på born og unge si psykiske helse..

Jordmortenesta er eit lovfesta tilbod til gravide og vert leia av jordmor Sigrunn Fenne.

Målet for jordmortenesta er å styrkja svangerskapsomsorga i kommunehelsetenesta gjennom svangerskapskontrollar, temakveldar for gravide, heimebesøk etter fødsel, Familieplanlegging, helsestasjon for ungdom og undervisning i 9. klasse.

Jordmor og helsesøster samarbeider om oppgåvene og har i mange år gått ilag på heimebesøk etter fødsel.

➤ **Legekontoret – teneste 2410 og legevakt 2411 –**

Dagleg leiar: Kommuneoverlegen.

Helsetenesta skal fremja folkehelse og trivnad og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkja å førebyggja og behandla sjukdom, skade eller lyte. Helseavdelinga skal spreia opplysning om og auka interessa for kva den einskilde sjølv kan gjera for å fremja eigen trivnad og helse.

Alle tilsette skal arbeida ut frå reglar og retningslinjer og etiske prinsipp i Helsepersonellova

Avdelinga har ansvar for kurative/førebyggjande legetenester, legevaktordning, tilsynslegefunksjon på Ulvik sjukeheim/pleie- og omsorgstenestene og miljøretta helsevern. Legekontoret bistår også i arbeidet med helsestasjon, skulehelsetenester, svangerskapskontrollar og psykiatri i tillegg til at legane/kommuneoverlegen har eit særskilt ansvar for førebyggjande og miljøretta helsevern.

Pr. 31.12.13 har Ulvik og Granvin sams legevaktordning mellom kl. 16:00 og kl. 23:00 frå kl. 23:00 til kl. 07:00 har ein legevakt i eit samarbeid med Voss sjukehus. Legevakt på dagtid/i kontortida gjennom ordinær legeteneste.

➤ **Barnevern – teneste 2540 – administrasjon, 2510 barnevern i familien og 2520 barnevern utanfor familien.**

Heradet sitt ansvar og tenester etter barnevernslova er delegert til Hardanger Barnevern, Odda etter ein vertskommunemodell. Ulvik herad betalar kontingent etter avtale og alle vedtak i einskildsaker vert fatta av Hardanger Barnevern.

➤ **Fysioterapi – teneste 2412.**

Fysioterapitilbodet i Ulvik vert driven som privat næring med driftstilskot. Jf avtale har fysioterapeutane arbeid 2 dagar kvar – dvs. 14,4 timar samla – i kommunal tilplikta teneste med førebygging, ymse møte, rehabilitering på sjukeheimen og ymse bistand med kontrollar i helsestasjon.

2. Oppnådde mål

- Det er utarbeidd ny helse og omsorgsplan.
- Fysioterapitilbodet er utvida med ein avtaleheimel – sjå utfyllande merknad under.
- Legekontor er pussa opp / sett i stand i samsvar med plan til samarbeid om legetenesta mellom kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik.
- Legekontoret særskilt:
- Samarbeid med pleie-omsorg: Legane har eit kort morgonmøte med heimesjukepleien kvar tysdag.
- Tilsynslege er på Sjukeheimen ½ dag kvar tysdag, og i tillegg ein kort visitt for aktuelle pasientsaker dei fleste fredagar etter lunsj. Tilsynslege er tilgjengeleg for sjukebesøk på dagtid og er lett tilgjengeleg på telefon.
- Ventetid: For vanleg legetime er ventetida < 1 veke gjennom heile året. Dersom den eine legen har >1 veker ventetid, får pasienten alltid tilbod om å få time hjå den andre. Dette har vi stort sett gjennomført.
- Kvar dag er organisert slik at det er ledig tid både på føremiddag og ettermiddag til å ta imot øyeblikkeleg hjelp.
- Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i 2013 ved legekontoret.
- Helsestasjonen særskilt.
- Oppretting av tverrfaglege samarbeidsmøter med barnehage og skule 1 gong pr mnd
- Ressursteam på Hjeltnes vgs 1 gong pr mnd
- Fått auka fysioterapiressursar til helsestasjonen og skulehelsetenesta som bidrar til auka kompetanse til tenesta.
- God vaksinasjonsdekning.

Om fysioterapitenesta.

Fysioterapitilbod til innbyggjarane i Ulvik vert dekt gjennom Ulvik Fysikalske institutt som er ei privat verksemd. Pasientar som er tilvist gjennom lege betalar eigendel etter fastsette satsar, medan fysioterapeutane sender refusjonskrav gjennom NAV. Ulvik herad utbetalar i 2013 driftstilskot til 2 stillingsheimlar som er 1 ny stilling med verknad frå 01.01.13, og disponerar fysioterapeutane etter eigen avtale i 2 dagsverk pr. veke – til saman 14,4 timar pr. veke til tenester i helsestasjon, skulehelseteneste og rehabiliteringstenester i sjukeheimen. Av opplysningar frå Ulvik Fysikalske Institutt framgår at talet på behandlingar har gått opp frå 3521 i 2012 til 5522 i 2013 – dvs. ein auke på 57%. Ventetida for uprioriterte pasientar er 3 mnd. For pasientar som treng rask hjelp – t.d. etter utskriving frå sjukehus – er det ingen ventetid.

Fysioterapeut Norbert Cools skriv i samband med årsmelding om Ulvik fysikalske institutt og om arbeidet til fysioterapeutane:

Det har ved instituttet blitt gitt 5522 enkeltbehandlingar, fordelt på 337 pasienter, 218 kvinner og 119 menn. Tilsvarende tall for 2012 er 3521 behandlingar fordelt på 171 pasienter. Av de 337 pasienter hadde 292(86,6%) bosted i Ulvik, 14(4,1%) i Eidfjord, 14(4,1%) i Granvin, 3(0,9%) i Kvam. Resten (4,3%) var litt spredt utover det nærmeste Vestlandet. Per 31.12.2013 var det totalt 20 pasienter som ventet på behandling ved instituttet.

Ikkje oppnådde mål:

- Ny interkommunal legevaktordning er ikkje iverksett frå sept. 2013 slik planen var. Det vert framleis arbeidd med saka. Ein håpar at ordninga skal koma i gang ein gong i løpet av 1ste ½ år 2014
- Heradet har inngått avtale med Voss kommune om drift av ØH (akutt hjelp-senger) med verknad frå sept. 2013, men desse er ikkje i drift. Organiseringa av tilbodet heng saman med legevaktordninga og ver truleg sett i drift i 2014.

3. Resultat i budsjett/rekneskap.

Netto driftsutgifter – dei ulike tenesteyrømdø på ansvarsoyrdø 240 – helse og sosial.

Teneste	Område	B- 2013	R 2013	avvik*	B-13 i % av R 13	R 2012	R 13 i % av R-12
1201	IKT	0	279	-279			
1209	Adm. fagoyrdø	874226	838279	35947	104,3	779093	95,9
2310	Akt.tilbod born og unge	281369	243619	37750	115,5	148744	86,6
2320	Helsestasjon og Jordmorteneste	789093	765521	23572	103,1	774870	97,0
2331	Næringsmiddeltilsynet	0	-31625	31625	0,0	0	
2332	Andre føreb. tiltak	0	81563	-81563	0,0	0	
2333	Folkehelsekoordinator	0	2851	-2851	0,0	0	
2340	Drift av nr. 10/Br.nestunet	510257	421431	88826	121,1	457022	82,6
2342	Støttekontaktteneste	337162	337967	-805	99,8	313509	100,2
2410	Kommunelegetenesta	3216155	3335136	-118981	96,4	3306765	103,7
2411	Legevakt	210222	236149	-25927	89,0	323937	112,3
2412	Fysioterapitenesta	990265	914653	75612	108,3	471759	92,4
2422	Skjenkekontroll	-23869	-41944	18075	56,9	-9495	175,7
2423	Krisesenter	75000	80484	-5484	93,2	38401	107,3
2430	Edrusk. og behandling	7000	7000	0	100,0	0	100,0
2440	Barnevern - adm.	311000	348725	-37725	89,2	294567	112,1
2510	Barnevernstiltak i familien	7500	13846	-6346	54,2	14603	184,6
2520	Barnevernstiltak utanfor familien	182195	569196	-387001	32,0	177616	312,4
2530	Ulvik sjukeheim	0	9320	-9320	0,0	0	
2540	heimhjelp	0	127	-127	0,0	0	
2533	Anna bustad/instit.	1621819	1686324	-64505	96,2	1611170	104,0
2534	Samhandlingsreforma	0	0	0		57869	
2544	Psykiatriteneste	827124	823262	3862	100,5	718224	99,5
2546	Omsorgsløn	88930	98756	-9826	90,1	62628	111,0
2547	Pers. brukarst. ass.	192000	145391	46609	132,1	205754	75,7
3201	Komm. nær.verksemd	0	695	-695	0,0	0	
2830	Utbetr.tilsk (Husb.midlar)	0	0	0		0	
	SUM	10497448	10887005	-389557	96,4	9747036	103,7

*Avvik i kr.: positivt tal = mindreforbruk i høve budsjett, negative tal = meirforbruk.

Taldel.

Samla netto forbruk på ansvar 240: kr. 10 497 448 som er eit netto meirforbruk i høve til budsjett på kr 389 557 el. 3,7% meir enn budsjettet.

Ser ein på utgiftsutviklinga i perioden 2007 til 2013 har netto utgifter i rekneskapen auka frå kr 8, 657 mill. til kr 1,089 mill. Dette svarer til ein årleg vekst i netto utgifter på ca. 3,9% inkl. lønsvekst i same periode.

Lønsutgifter utgjer ein stor del av eininga sine samla utgifter. Ein vil difor ikkje kunne gjere store innsparingar i budsjettet utan å måtte redusere i talet på stillingar. Store deler av utgiftene er ført som andre utgifter, men er i realiteten lønsutgifter i form av kjøp av tenester eksternt – t.d. deltaking i Hardanger Barnevern og krisesenter tenester. Soleis vil ein auke på 1 % i rammene på andre utgifter «spise» av den samla ramma fordi lønsutgiftene er høgare enn tillegget i ramma.

Inntektene i budsjettet er vanskeleg å påverka administrativt eller politisk. Inntektene er sett saman av sentralt fastsette eigenbetalingssatsar og tilskot/refusjonar.

Meirforbruket i høve til budsjett på ansvar 240 skuldast ein stor auke i tiltak som er sett i verk i einskildsaker med heimel i helse- og omsorgstenestelova og barnevernslova. Dette er utgifter ført på følgjande tenesteområde: 2332, 2342, Denne auken vart omtala/stipulert i siste tertialrapport for 2013 til om lag kr. 450 000 for heile året. Ein vil av omsyn til teiepliktreglane her ikkje kunne gjere nærare greie for desse sakene. Utgiftsauken vil venteleg halda fram i 2014. Det har vore kjent/akseptert at ein ikkje budsjetterer med høgare utgifter på slike postar enn det ein kjenner til på tidspunktet for budsjettering. Dette for ikkje å binde utgifter i budsjettet som ein ikkje veit vil koma.

Merknader til einskilte tenesteområde.

1209 Administrativt fagområde:

Det vart i 2013 utarbeidd ny helse- og omsorgsplan. Det vart nytta konsulenthjelp til utarbeidinga av planen finansiert gjennom disposisjonsfond.

2320 Helsestasjon og jordmorteneste.

Regjeringa varsla i 2013 at den vil bidra til å styrkja helsestasjon og skulehelsetenesta. 180 mill. kr skulle fordelast til kommunane etter tal barn og unge 0-19 år, men slik at kvar kommune skulle få minst kr 100 000. Tilskotet var ikkje øyremerkt og vart utbetalt som rammetilskot. Midlane er ikkje tilført teneste 2320

2331 Næringsmiddeltilsynet.

Ulvik har motteke kr. 31 625 i refusjon etter endeleg avslutning av interkommunalt næringsmiddeltilsyn. Det var ikkje budsjettert med slik refusjon.

2332 Andre førebyggjande tiltak.

Tiltak i einskildsaker.

2430 Miljøarbeid/aktivitetar for funksjonshemma.

På tenesta er ført driftsutgifter som følger med drifta av lokale i Brakanestunet – m.a. husleige. Største posten er brannvaktordning etter avtale mellom Ulvik herad og Brakanes Hotell drift. På dette tenesteområde vert og heradet sine fellesutgifter i samband med Brakanestunet Sameige ført med vel kr 30 000..

Inntekter etter sal må sjåast saman med tilsvarende postar på teneste 2544.

2410 Kommunelegetenesta.

Det har vore jamn drift gjennom året. Når lege har vore i permisjon har ein leigd inn vikar.


Det er stort sett samsvar mellom budsjett og utgifter på dei enskilde budsjettpostar med nokre unntak:

Redusert innbetaling av eigendelar, utgifter i samband med leige av vikarlege (NAV refunderer ikkje full løn + husleige), leige av konsulenttenester til farmasøytisk tilsyn og sterk auke i kontingent til Norsk Pasientskadeerstatning. Desse meirutgiftene svarer til om lag same beløpet som meirforbruket på tenesta - kr. 120 000.-.


På post 12000 (inventar og utstyr) er eit forbruk på kr. 135 000 (i budsjett kr. 13 000). Dette er **motsvara av statstilskot på post 17000 – kr. 142 000 som er HS sin del av samla statstilskot på kr. 300 000.- til ombygging av legekontor.**

Tabellar henta frå SSB – kostratal – førebelse tal for 2013.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjarar i kroner, kommunehelsetenesta.



Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta.



2411. Legevakt.

Eit samla meirforbruk på kr. 26 000.- .

I tillegg er det inntektsført statstilskot til drift av ØH-senger med kr. 102 000.-. Dette tilskotet skulle etter intensjon ha vore utbetalt til Voss som ansvarleg for drift av ØH-senger.

2412. Fysioterapi.

Fysioterapitenesta vart i 2013 utvida med ein stilling med driftstilskot. Innsparing på tenestområdet skuldast noko mindre utgifter enn budsjettert på driftstilskot og refusjonar gjennom NAV.

2422. Skjenkekontroll.

Meir innbetalt i gebyr for sal og skjenking enn budsjettert.

2423 Kriesenter.


Det er vanskeleg i samband med budsjett å stipulere den årlege utgifta for denne tenesta som vert betalt etter rekning frå Bergen kommune som er vertskommune for denne tenesta. For 2013 vart utgifta om lag kr 5000 høgare enn stipulert. Kommunane mottek tilskot til drift av krisesentertilbod gjennom rammetilskotet.

2440, 2510, 2520 – barnevern.

Teneste 2440 gjeld utgifter til deltaking i interkommunal ordning. Utgiftsfordelinga skjer etter avtale. Ein har i samband med budsjettarbeidet prøvd å innhente opplysningar om budsjett utan at ein har fått slike. Utgifter til administrasjon ligg ca 38 000 over det som er budsjettert.

Ulvik herad er ansvarleg for utgifter til tiltak i einskildsaker med heimel i barnevernslova. Desse kan ikkje kommenteras nærare her, men dei utgjer ca. kr. 397 000 som svaret til heile ansvarsområdet sitt samla meirforbruk.

Netto driftsutgifter per innbyggjarar 0-17 år, barnevernstenesta



Utvalde nøkkeltal SSB

	Eidfjd.	Granvin	Jondal	Kostra- gr. 6	H.land	Landet	Landet utan Oslo	Ulvik
Nto. dr.utg. /innb. i komm.h.tenesta	7 128	4 218	5 425	4 220	2 024	2 133	2 159	4 997
Legeårsverk pr. 1000 innb.	31,6	17,6	16,5	18,9	9,6	10,1	10,1	31,1
Fys.ter.årsv. Pr. 1000 innb.	24,3	11,4	15,7	12,1	8,6	8,9	8,9	20,3
Nto. dr.utg. pr. innb. 0- 17 år barnevern	7 641	2 616	10 778	10 021	6 889	7 500	7 170	4 340
Barn m/barnevernstiltak - ift. barn 0-17 år	2,2	-	5,1	-	-	4,7	4,7	5,6

Ein ser av tabellen over at Ulvik skil seg ut på nokre område – t.d. legeårsverk pr. 1000 innb. og derfor høgare utgifter enn kommunar i same kostragruppe utan å skilja seg ut med store utgifter i høve andre kommunar i nærområdet. Vidare at ein har høg dekning m.o.t. fysioterapitenestar og eit høgt tal born på tiltak utan at netto utgifter pr. barn er høgt – heller tvert om.

4. Personale

Utviklinga av stillingsheimar over tid.

ÅR	Avd.	Adm.	Ungd.- medarb.	Lege- kontor	Helse- stasjon	Br.nest./ nr 10	Fysio- terapi	Sum
2009	St.heimlar	1,1		3,6	1,25	2	0,21	8,16
	Tal personar	2		5	2	3	1	13
2010	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2	0,21	8,56
	Tal personar	2	1	5	2	4	1	15
2011	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2,1	0,21	8,66
	Tal personar	2	1	5	2	2	1	13

2012	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2,1	0,21	8,66
	Tal personar	2	1	4	2	2	1	12
2013	St.heimlar	1,1	0,4	3,6	1,25	2,1	0,4	8,85
	Tal personar	2	1	4	2	2	2	13

Endringar i 2013 markert

Eininga har kvalifisert personale på «alle postar»

5. Sjukefråvær

Sjukefråværet på ansvarsområde 240 er lågt. Talet på tilsette er og lågt og ein langtidssjukemelding kan gje store utslag på gjennomsnittstala. Ein er ikkje kjent med at sjukdom i 2013 skuldast påkjenningar i arbeidsmiljø eller at det på anna vis er arbeidsrelatert.

Fråvær 2013

Avdeling	Fråværs% - samla	Korttidsfråvær i %	Langtidsfråvær i %
Helsetenester/ legektr.	1,03	0,73	0,29
Helsestasjon	6,37	3,82	2,55
Sosiale tenester	1,97	1,35	0,62

6. Kompetanseutvikling

Den viktigaste måten å skaffe seg kompetanse på er deltaking på kurs og konferansar i aktuelle tema og deltaking i tverrfaglage og interkommunale el. nettverksfora. Tilsette deltek i fleire slike fora. Ein kommunelege har fått sin spesialitet i allmennmedisin i 2013.

Fleire tilsette har i 2013 delteke på «kriseteamskulen» (5-dagarskurs) i regi av RVTS (Helse Bergen).

Psyk. sjukepleiar har delteke i interkommunalt utviklingsarbeid om prosedyreperm og har delteke på VIP-kurs saman med helsesyster og tilsette ved Hjeltne vgs.

Legane har vore på fleire kurs/møte i løpet av året. Begge er spesialistar i allmennmedisin, denne må resertifiserast kvart 5.år. Ein del av kurspoenga skal legen skaffa seg gjennom kollegagruppe, såkalla «Smågruppemøte». I 2013 etablerte vi ei slik gruppe for legane frå Ulvik, Granvin og Eidfjord og har hatt møte ein gong i månaden, eit par timar på slutten av ein arbeidsdag. Møtestaden går på omgang mellom legekontora.

Helsesekretær Sonja Steen har delteke på eit par kurs om lab-arbeid (Noklus) og Vestlandsløftet. Sjukepleiar Minna var på kurs i sårbehandling samt lab-arbeid (Noklus).

Det er i samband med gjennomføringa av samhandlingsreforma ikkje avdekkja behov for særskilt eller ny kompetanse i eininga.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Eining helse- og sosial høyrer inn under Sentrumsbygget verneområde.. Det er utarbeidd HMT-plan for verneområdet med prioriterte tiltak. Fleire av tiltaka – t.d. utskifting av kontorpultar/stoler, ventilasjon og ljostilhøve – er gjennomført i samarbeid mellom tilsette og verneombod. Andre tiltak står att i påvente av midlar til utbetring.

Arbeidsoppgåvene er mange og over tid aukande i omfang. I ein liten organisasjon står ein ofte «åleine» om løysinga av oppgåver og ansvar.

Ein er likevel ikkje kjent med at det er arbeidskonfliktar eller andre tilhøve som er eigna til å redusere trivnad og arbeidsglede. Sjukefråværet – sjå kap. 5 – gjev heller ingen indikasjon i slik retning.

Det er ikkje gjennomført medarbeidersamtalar. Slike har ikkje vore etterspurd.

Legekontoret deltek i kvalitetskontroll av laboratorieanalysar gjennom "Noklus", og kvaliteten på våre analysar har vore "meget god". Det er og kvalitetskontroll av sterilisator fleire ggr årleg, og av noko medisinsk-teknisk utstyr.

Ein har innført aktiv bruk av spritvask til handhygiene, som smitteførebyggande tiltak.

Arbeids med kvalitetssikring krev tid. Det kan vere vanskeleg å setja av denne tida samstundes som dei daglege gjeremåla skal utførast.

8. Samfunnstryggleik og beredskap.

Eininga har delteke i øvingar på leiarnivå.

Det ligg føre Plan for helsemessig og sosial beredskap og Smittevernplan.

9. Konsekvensar for handlingsprogram og utfordringar framover.

Mål for 2014 - andre fokusområde (ikkje prioritert rekkjefølgje)

- Legevakt (Voss legevaktsentral) – er finansiert i HS si ramme. Spørsmål om det som er sett av er tilstrekkeleg.
- ØH-senger – finansiert gjennom statleg tilskot.
- Gjennomføre mål og tiltak i vedteken helse og omsorgsplan – økonomiplan.
- Lokale for ungdomsklubben – må koma tilbake til kostnader når saka er utgreidd/i økonomiplan.
- Meldingsløftet – skal vere finansiert over andre delar av heradet sitt budsjett og
- Nytt naudnett – mindre kostnader – vert teke opp i økonomiplan
- Deltaking i prosjekt «etisk refleksjon» i regi av KS og fylkesmannen – evt. finansiert med midlar sett av til kurs/opplæring.
- Busetting av flyktningar – utfordringar for sosialtenesta og helsetenesta – finansiert med eigne tilskot gjennom staten og kommunale midlar - økonomiplan.
- Eige budsjett for Ulvik Ungdomsråd – nytt tiltak. Kostnad ca. 80 000, men deler av dette beløpet vert i dag dekt over andre postar i budsjettet.
- Jordmor tek imot gravide frå nabokommunen Eidfjord som ikkje har tilbodet i eigen kommune. Jordmor i Ulvik har kapasitet til å dekkje behovet for svangerskapskontrollar i Eidfjord. Ein vil prøva å formalisere eit samarbeid. Ein evt inntekt
- Folkehelse. Meir eit spørsmål om organisering. Budsjettansvarsområde 210.

Legekontoret:

- Å gjennomføre det planlagde samarbeidet mellom legekantora i Ulvik, Granvin og Eidfjord slik at både personale og pasientar vert fortrulege med systemet og at det vert opplevd som positivt.
- Å halda fram med felles Smågruppe for legane.
- Å få til noko felles rettleiing for dei 2 turnuslegane i Ulvik/Granvin og Eidfjord 2.halvår.
- Å få på plass interne avdelingsmøte/faglunsj ein gong i månaden. Vi ønskjer å inkludera helsesøster, jordmor og psykiatrisk sjukepleiar i denne internundervisninga.
- Trening på akuttmedisinske prosedyrar i.l.a 2014.

Ansvar 250 – Pleie og omsorg

Leiar: Karin Fleten

Avd. pleie og omsorg omfattar fylgjande deltenester:

Ulvik sjukeheim :

langtidsplass, korttidsplass/akutt plass og avlastningstilbod, dagsenteret Arbeidsstova

Heimetenester:

heimesjukepleie, heimhjelp, dagavdeling for demente, tryggleiksalarm, utkøyring av middag

Institusjonskjøkken:

lagar tradisjonsrik og god heimelaga mat i institusjon + utkøyring av middag til heimebuande.

Ergoterapiteneste: inkl. kommunalt hjelpemiddellager

Inntaksnemnda: tildeling av ulike former for institusjonsplass (korttid/langtid) og dagavdeling for demente og omsorgsbustad/trygdebustad.

1. Omtale av overordna mål

Avd. pleie og omsorg skal i samarbeid med tenestemottakar levera omsorgstenester av rett standard og kvalitet – og ha ein kultur som byggjer på tillit, tryggleik og respekt

Helse og omsorgslova set krav om at alle som bur og/eller mellombels oppheld seg i kommunen har rett på **nødvendig helsehjelp**. Same retten til helsehjelp gjeld anten ein er **fastbuande eller er gjest/turist i kommunen**. Dei som ynskjer det kan flytta mellom kommunar uavhengig av hjelpebehovet.

Hovedoppgåva ligg i å gi hjelp-til-sjølvhjelp innafor eigenomsorg, medisinsk behandling og rehabilitering til dei som ikkje sjølv maktar dette og/eller praktiske gjeremål i kvardagen, anten i eigen heim eller institusjon

For å nå denne målsetjinga arbeider avdelinga etter fylgjande prinsipp:

- brukarmedverknad og vurdering av hjelpebehov med avklaring av forventningar
- kompetansehevingstiltak / rekruttering
- ansvarlege og kompetente medarbeidarar som er løysingsorienterte
- jobbnærværstiltak / trivselstiltak

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål

***Samhandlingsreforma:**

Målet om gode pasientforløp er nådd ved at ein har teke i mot alle utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta.

-Dei administrative arbeidsoppgåvene legg grunnlaget for å få til gode pasientforløp i eit tverrfagleg perspektiv. Arbeidsoppgåvene er lite synlege, men er arbeidskrevjande og avgjerande for sluttresultatet ved utskriving/innskriving i spesialisthelsetenesta. Dei administrative oppgåvene vert stadig meir tidkrevjande med den nye reforma og gjennom meldingsløftet kjem krav om dokumentasjon for fullt. Dette vil måtta synleggjerast på ein annan måte i framtidig planlegging/økonomiplan.

-Fleire kompetansehevande tiltak er gjennomført ved internundervisning, regionale kurs og vidareutdanningar. Kompetansehevingstiltak med fagleg påfyll og handtering av medisinsk teknisk utstyr er ein viktig faktor for å kunne ta hand om stadig nye pasientgrupper.

-Fleire pasientar er direkte innlagt i kommunal institusjon for observasjon/medisinsk behandling/oppfølging utan behov for sjukehusinnlegging. Enkelte er innom sjukehuset for å stadfesta problemstilling for rask retur til kommunal institusjon.

Denne bruken av kommunale senger kan vidareutviklast lokalt, men krev både bygningsmessige endringar i tillegg til auka ressursar.

***MIK: Meldingsløftet i kommunane:** Del av Samhandlingsreforma med mål om elektronisk overføring av pasientinformasjon mellom pleie og omsorg, legekantor og spesialisthelseteneste. Tiltaket utsett til 2014 i samband med innkjøp av nytt fagprogram.

*Ein har ikkje nådd målsetjinga om å vidareføra kvalitetssikringsarbeidet innafor enkelte område og gjennomføring av Notus web-portal

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett : kr 21.804.829,-

Rekneskap : kr 20.919.745,-

Resultat : kr 885.084,-

Ein av hovedgrunnane til det store underforbruket ligg i tilbakføring av for mykje innbetalt pensjon og arbeidsgjevaravgift med rundt kr 735.000,-. For pleie og omsorg med mange tilsette utgjør dette store summer.

Tertialrapport pr 31.08.2013 viste at pleie og omsorg hadde eit meirforbruk på rundt 250.000,-
Tiltak vart sett i verk for å unngå eit endå større meirforbruk. Rekneskap pr 19.12.2013 viste at pleie og omsorg låg an til balanse.

Det store avviket knytt til tilbakeført pensjon gjer det svært vanskeleg og uforutsigbart å ha kontroll/oversikt over budsjett/rekneskap. Det er også eit tankekors at KLP sine prognosar på pensjonskostnader gir så store utslag.

I dag stiller både einingsleiar og tilsette spørsmål ved om dei strenge innsparingstiltaka på slutten av året var nødvendige. Tiltak som redusert bemanning og redusert vikarbruk har påført tilsette og mellomleiarar ekstraarbeid og meirbelastning innafor fleire tenestemråde gjennom fleire månader.

I budsjettarbeidet får ein tildelt ei ramme og inkl. dei prognosar KLP legg til grunn for pensjonskostnader. Budsjettering på bakgrunn av dette har ført til at ein har måtta redusert i tenestetilbodet for å koma i balanse med budsjettet.

Kommentar til resultat av driftsbudsjettet:

****Reduksjon i pensjonskostnader**

****Lågare pensjon gir automatisk reduserte utgifter til arbeidsgjevaravgift**

****Vakante helgestillingar ved sjukeheimen.**

Grunna lågare belegg i institusjon har ein ikkje teke inn vikarar i periodar som har gir ein reell innsparing på lønsutgifter

****Stor auke i inntektene gjennom sal av middag til heimebuande.**

****Ein har gått med noko ledig kapasitet i heimehjelpstenesta**

Naturleg fråfall og innlegging i institusjon gir påfylgjande ledig kapasitet for aktuelle heimehjelp. Strengare vurderingar ved tildeling av heimehjelp ved nye søknader gir færre brukarar og på sikt reduserte inntekter. Heimehjelp er omdisponert inn i institusjon for å hjelpa til her når ledig kapasitet

Reduserte inntekter:

****Reduserte inntekter frå betaling for opphald ved institusjon.**

Auka bruk av korttidsplassar med døgnpris fastsett i Forskrift og det faktum at ein no alltid må ha ledig kapasitet for å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus er noko av årsaka. Noko mindre belegg av pasientar gjennom året.

SSB sin statistikk over finansielle nøkkeltal for 2013 (pr 17.03.2014):

	Ulvik	Kostragr. 06	Jondal	Granvin	Eidfjord	Hordaland	Landet
Netto driftsutg. pr innb. Pleie og omsorg	24.117	27.721	23.780,-	23.081	27.058	15.253	15.230
Andel innb. over 80år som er bebuarar ved institusjon	20,2%	18,6%	22,5%	182.795	26,8%	14,8%	13,8%
Korrigerte brutto driftsutg. pr mottakar av heimetenester	103.842	218.753	245.552	-	41.860	237.384	219.403
Korrigerte brutto driftsutg. institusjon , pr kommunal plass	940.190	1.037.079	1.062.696	883.400	937.000	950.078	992.552

Kommentar til tabell:

Netto driftsutgifter pr innb.:

Ulvik ligg omtrent likt med samanliknbare kommunar, medan kommunar i Kostragruppe 06 ligg litt høgare. Hordaland og landet elles ligg noko lågare.

Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester og pr kommunal institusjonsplass:

Her har ikkje vore stillingsauke i heimetenester gjennom mange år. Når fleire heimebuande har hatt behov for hjelp har ein flytta personnell frå institusjon til å ta oppdrag i heimesjukepleien på dagtid. På kveld har ein integrerte tenester med institusjon og heimesjukepleien. Ein er svært sårbar for auka behov for hjelp i heimane gjennom døgnet og auke i antal pasientgrupper anten i institusjon eller i heimar. Ein er sårbar på helg i heimesjukepleien pga det kun er 1 person på arbeid på dagtid.

Personnellressursen knytt til dagavdeling for demente vert budsjettert under tenesta sjukeheim, jfr. korrigerte brutto driftsutgifter i institusjon. Slik vil brutto driftsutgifter pr kommunal institusjonsplass verta høgare enn dei faktiske ressursar ein brukar i sjukeheimsavdelinga.

Ved undersøkjing i andre kommunar som har dagavdeling for demente vert drifta av dagavdelingar ført som eige teneste eller som del av heimetenester.

Dette gir ein peikepinn på at Ulvik herad ikkje har stor ressurs knytt til korkje institusjonsomsorg og/eller heimetenester samanlikna med dei andre kommunane

Andel innb. over 80 år som er bebuar ved institusjon:

Talet for Ulvik har auka frå 14,7% i 2012 til 20,2% i 2013. Ulvik har mange gamle eldre og dei fleste bur i eigen bustad. 2013 viser at fleire av dei eldste har hatt behov for institusjonsplass og gjennomsnittsalder ved institusjon pr 31.12.13 var

89,6 år

Statistikken frå SSB viser at pr 31.12.2013 har Ulvik 89 personar over 80 år.

90 år + tel 28 personar og av desse budde 13 i institusjon.

Høg alder er ikkje einsbetydande med dårleg helse og stort hjelpebehov, men høg alder er ofte kopla saman med fleire og meir samansette helseproblem.

Befolkningsgruppene i Ulvik pr 01.01.2014 fordeler seg slik (SSB):

0-19 år =259 pers

20-44 år =270 pers

45-66 år =326 pers

67-79 år =156 pers

80-89 år = 61 pers

90 år + = 28 pers

4. Personale

Personalgruppa er framleis fleirkulturell og tel 8 nasjonalitetar.

Ein har god fagdekning innafor dei ulike tenesteområdene pr i dag.

Ein har utfordring med å få tilsett fagpersonale i helgestillingar pga behovet for kompetanse på helg. Avd.sjukepleiar i institusjon og heimetenester og kjøkkenleiar har det faglege og driftsmessige ansvaret innafor sine tenesteområde og er sjølve del av bemanninga. Auka krav til dokumentasjon innafor alle tenesteområda gir meirarbeid for å stetta krav tilsynsmyndigheiter set. Dette inkl. ansvar for døgndrift av tenestene gjer at det behov for endring i avd.sjukepleiar sin stillingsinstruks for framtida og omgjerung til administrative stillingar. Dette vil krevja auka ressursar som i dag vert kompensert med å trekkja inn vikarar for å frigjera avd.sjukepleiar i drift.

Behovet for vikarar frå byrå var knytt til avvikling av hovedferien om sommaren.

5. Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet var på 4,4% i 2013 mot 7% i 2012.

Mål om 5% sjukefråvær er soleis nådd.

Fordeling av korttidsfråvær og langtidsfråvær fordeler seg slik i 2012:

Ulvik sjukeheim: korttid: 2,83% langtid: 1,95%

Heimetenester : korttid: 1,15% langtid: 1,73%

Ein ser ein auke i bruken av eigenmeldingar ved korttidsfråvær i inntil 8 dg

6. Kompetanseutvikling

Fleire kompetansehevande tiltak er gjennomført ved internundervisning, regionale kurs og vidareutdanningar. Kompetansehevingstiltak inkl. også handtering av medisinsk teknisk utstyr for å kunne ta hand om stadig nye pasientgrupper.

Gjennom Kompetanseløftet 2015 har søkte ein og fekk midlar frå Fylkesmannen til å kunne gjennomføra ulike kompetansehevande tiltak.

2 assistentar har teke fagbrev som helsefagarbeidar.

1 hjelpepleiar har avslutta vidareutdanning i psykisk helse

1 sjukepleiar held på med tverrfagleg vidareutdanning i palliasjon (smertebehandling)

1 assistent held på med fagbrev som institusjonskokk.

Ein har hatt stort fokus på demensarbeidet og fått auka kompetanse innfor dette området gjennom kursing og ved å få kompetansen til Ulvik for råd/retteleing i direkte pasientsituasjonar.

Andre tema ein har hatt fokus på:

Rehabilitering knytt til hoftenære brot og protesar v/fysioterapeut frå Voss sjukehus og rehabilitering i kommunale institusjonar i lys av samhandlingsreforma

Farmasøytisk tilsyn: undervisning og tilsyn knytt til legemiddelhandtering

Saksbehandling og fagdag knytt til førebygging av bruk av tvang

Hjerte-lungeredning

Forflytningsteknikk v/ergoterapeut

Fagseminar om ernæring

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

--HMT-plan for ploms er utarbeidd i samarbeid med verneombodet. Oppførte tiltak for perioden er gjennomført. Plan er gått gjennom med Grend BHT.

--Vernerunde i samarbeid med verneombod er gjennomført med utarbeiding av handlingsplan i etterkant.

--Ein har ikkje nådd målsetjinga om å vidareføra kvalitetssikringsarbeidet innfor ulike fagområde

8. Samfunnstryggleik og beredskap

-Teoretisk og praktisk brannøving gjennomført.

-Smitteverntiltak sett i verk (etter oppsett handlingsplan):Omgangssjuke blant bebuarar og tilsette:

---tiltaket hindra ytterlegare smittespreiing og reduserte tidsaspektet frå smittetiltak vart sett i verk til ein var tilbake i normal drift igjen

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet / Utfordringar framover:

1. Helse og omsorgsplan, vedteken juni 2013, seier noko om utfordringane innfor helse- og omsorgssektoren i åra framover.Framtidig tenesteproduksjon vil vera avhengig av kva bygningsmessige løysingar/fellesskap ein vel knytt til : institusjon – omsorgsbustader – rehabilitering - habilitering

Det vidare arbeidet med å utgreia dei bygningsmessige verknadene av planen er det ordførar og varaordførar som skal fylgja opp

Det er ikkje sett av midlar i økonomiplanen til å fylgja opp tiltak i Helse og omsorgsplan.

Noko midlar vart i si tid sett av til ombygging med bad til pasientrom ved sjukeheimen.

Det var her ikkje teke høgde for at sjukeheimen treng total rehabilitering v/evt.

ombygging. Midlar vert no i første omgang nytta til å innhenta kompetanse for kostnadsoverslag med total rehabilitering, nybygg og samlokalisering av helse og omsorgstenestene, jfr. vedtak i HST

Midlar sett av i økonomiplanen gir ikkje realistisk bilete av reelle kostnader, uavhengig av val av bygningsmessige løysingar.

2. Samhandlingsreforma gir store utfordringar for heile kommunen, men pleie og omsorg spesielt, for framtidig behov for meir avansert behandling lokalt for fleire pasientgrupper. Spørsmålet er korleis Ulvik vil planleggja tenestene innfor denne sektoren knyt til institusjonsomsorg og heimetenester

3. Demensomsorg: I dag har ein dagavdeling for demente med 5 dagars drift.

Demensomsorg aukar i omfang og her må til ei utviding av tilbodet til denne gruppa til å omfatta også døgn drift.

4. MIK (meldingsløftet i kommunane): elektronisk overføring av pasientinformasjon mellom pleie og omsorg, legekantor og spesialisthelseteneste med auka krav til dokumentasjon. Dette må synleggjerast i framtidig planleggjing/økonomiplan. Dette krev endring i avd.sjukepleiar sin stillingsinstruks for framtida og omgjerung til administrativ stilling. Dette vil måtta krevja auka ressursar og må inn i framtidig planleggjing/økonomiplan
5. Ein har hatt gradvis nedtrapping på budsjettering med refusjon frå sjukepengar. Enno står det att kr 100.000,-. Dette må takast opp i økonomiplan/budsjettarbeid for 2015 or å koma ajour her

Ansvar 270 – NAV

Leiar : Marianne B. Lindahn

1. Omtale av overordna mål

NAV Ulvik, sosialtenesta, jobbar etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18. desember 2009 som trådte i kraft 1. januar 2010. Lova inneheld rettar og pliktar sosialtenesta har i forhold til sosiale tenester, økonomisk sosialhjelp, rusmiddelomsorg og institusjonar, samt handsamingsreglar.

Lovas formål § 1-1

«Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.»

NAV Ulvik har i tillegg til sosialtenesta ansvar for alle områder innanfor tidlegare trygd og A-etat, men årsmeldinga vil i hovudsak gjere greie for den kommunale delen.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Totalt i 2013 har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 28 aktive brukarar. Dei har hovudsakeleg hatt behov for kortvarig hjelp. Av desse var 12 nye brukarar. Dette er ein auke på 1 person meir enn det som NAV Ulvik, sosialtenesta, hadde i 2012. Brukarane hadde behov for blant anna økonomisk stønad, økonomisk råd og rettleiing, gjeldsrådgjevnad, utanomrettsleg gjeldsordning, frivillig offentleg forvaltning av økonomi, ansvarsgrupper og bustad.

NAV Ulvik har stort sett brukarar som har fått supplerande stønad, som enten har ei trygdeytning eller låg arbeidsinntekt i botn. Vi har hatt 3 brukarar som har hatt sosialstønad som einaste inntekt. Alderssamansettinga er ca. 36 % under 25 år, ca. 36 % mellom 25-44 år, og ca. 28 % over 45 år. Andelen under 25 år har auka med ca. 10 % frå 2012.

NAV Ulvik har i 2013 jobba med å gje økonomisk tryggleik for vanskeligstilte, spesielt barnefamiliar. Det er eit mål at ingen skal leva av sosial stønad over tid. I 2013 hadde ca. 82 % av brukarane behov for bistand i inntil 6 månader. Samanlikna med 2012 kor talet var 85 % (98 % i 2011), var det fleire i 2013 som trengte økonomisk bistand over tid. 82 % er fortsatt eit høgt tal, men dette er noko kontoret må jobba med framover.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Forhold som økonomisk krise i Europa, stor arbeidsløyse utanom turistsesong og mange tilflyttarar til heradet, kor ikkje alle har jobb når dei kjem, er med på å påverka budsjettet til NAV, då NAV er plikta å hjelpe dei som står utan økonomiske midlar, eller ikkje har nok økonomiske midlar til å forsørgja seg sjølv og familien. Dette er vanskeleg å vita omfanget av på forhand.

Ansvar 270

Rekneskap	Budsjett	Avvik
1 432 412	1 233 622	-198 790

Det vil variera frå år til år kva brukarane søkjar om og vil ha krav på av økonomisk stønad. Det vart utbetalt meir i økonomisk stønad enn berekna i 2013, så det vart eit negativt avvik på kr 198790,-. Det har vore stor pågang og mange søknadar om sosial stønad i 2013.

Ulvik ligg i Kostragruppe 06 hjå SSB og kan samanliknast med kommunar i denne gruppa. Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år for 2013 låg på kr 2287,- for Ulvik (kr 1761 i 2012). Kostragruppe 06 ligg på kr 2088,- i 2013 (kr 1753 i 2012). Ulvik ligg altså om lag kr 200,- over, men heile gruppa har hatt ein auke frå 2012 til 2013. Ein kan og samanlikna andel sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år av innbyggjarar i aldersgruppa 20-66 år i prosent. Her ligg Ulvik på 3,7 %, medan Kostragruppe 06 ligg på 5,4 %. Ein kan forstå tala slik at Ulvik har færre sosialhjelps mottakarar enn kommunane i Kostragruppe 06, men har hatt høgare utgifter pr. innbyggjar.

4. Personale

Kontoret har 2,8 årsverk, fordelt på ein kommunalt og to statlege tilsette. 0,8 statleg årsverk har stått vakant frå januar 2011. NAV leiar er kommunalt tilsett, kor 20 % av stillinga er som statleg leiar. Det er eit lite kontor, og tenesta vert sårbar og personavhengig. 2013 har vore utfordrande, då statleg tilsett sa opp med verknad frå 01.04.14. Frå 01.05.14 fekk kontoret ny tilsett, som gjekk ut i permisjon i aug-13. Vikar starta opp i sept-13. Det har vore to rundar med opplæring av nye tilsette og periodar med berre ein på kontoret, mens kontoret samstundes skulle gjere alle oppgåver som kjem inn.

5. Sjukefråvær

Det er registrert 0,44 % sjukefråvere for NAV Ulvik, sosialtenesta, for 2013. Dette er eit lågt nivå, men gjeld berre den kommunale delen av NAV Ulvik.

6. Kompetanseutvikling

Det har vore lite kompetanseutvikling i henhold til den sosiale delen av NAV Ulvik i 2013. Men NAV leiar har fått opplæring i «Leing i kontinuerleg forbetring» gjennom statleg side.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

NAV Ulvik har oppdatert HMS plan for 2013. Det har ikkje vore naudsynt med nokre tilretteleggingar eller kontakt med kontakt med bedriftshelsetenesta.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

NAV har utarbeida felles sikkerheitsinstruksar og beredskapsplanar som dei ønskjer skal gjelda alle tilsette i NAV, både kommunale og statlege tilsette. NAV Ulvik har tilpassa desse instruksjonane og planane til lokale forhold i Ulvik, og begge planane er oppdatert i 2013.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Få tilsette ved NAV Ulvik gjer kontoret sårbart i høve til sjukefråvere, permisjonar, sakshandsaming og spisskompetanse på forskjellige fagområder. Det er stor pågang av sakar og førespurnadar til NAV Ulvik, og dette er med å påverka sakshandsamingstida for oppfylginga av sjukemeldte og arbeidslause, som vi skal ha hovudfokus på.

10. Anna aktivitet/tiltak:

NAV Ulvik har i 2013 fortsatt sitt tverrfaglege og tverretatlege samarbeid med andre einingar i Ulvik herad og andre NAV kontor i regionen.

Ansvar 280 – Teknisk

Teneste: 1209 - Adm. fagområde

Leiar : Jarle Grevstad

1. Omtale av overordna mål

Brukarane av eininga sine tenester:*

skal vera nøgde med standard og kvalitet på tenestene

skal føla seg handsama på ein riktig og god måte.

skal ha svar / tilbakemelding av kvalifisert personell og til rett tid.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Eininga leverer gode tenester innan rimeleg tid, og har ein sakshandsamingstid som ligg godt innanfor det lovpålagde. Eininga jobbar med mange langvarige prosjekt med ulike fristar, men ein held seg i all hovudsak innanfor desse fristane.

Den administrative delen av eininga er ein «open» del av den kommunale forvaltninga, og dette medfører ein tett dialog med mottakarane av tenestene. Dette legg i dei fleste tilfelle til rette for gode gjennomføringsprosesser.

3. Resultat i budsjett/rekneskap

Med unntak av ansvar 282, vatn/avløp (sjølvkostrekneskap som er presentert som eigne resultatområde) er samla resultat for 280, 281 og 283:

Netto budsjett: 14 570 531,57

Netto rekneskap: 14 913 473,64

Totalavvik: - 342 942,-

Avviket kan i hovudsak leggjast til store utgifter til oppussing/utbetring av kommunale bustader, og spesielt Sentrumsbygget der det vart oppdaga store sprekker i branncelleinndelinga mellom leilegheitene. Vidare var det eit overforbruk på 70 000 i samband med asfaltarbeida som vart gjennomført på sommaren, men mye av dette gjekk til

utbetring av skadane etter raset som gjekk på Frøysteinsvegen. Vidare vart det lagt asfalt på nokre problemområde på Torblå, og ved infoskiltet på Frysteneset.

På den andre sida har eininga gjennomført store delar av adresseringsprosjektet med interne krefter og utan ekstra løyvingar. Fordelt litt ut i 2014 vert den totale utgifta med adressering og skilting av vegar og hus på ca. 200 000.- som vart dekkja innanfor budsjett.

4. Personale

Eininga har ein stillingsressurs innan plan og byggjesak som har stått vakant i mangel på søkjarar. Dette medfører at ein ikkje har den same moglegheita for å jobbe med prosjekter som kan vera med å byggja opp og utvikle dei ulike fagområda i eininga. Det er i hovudsak sakshandsaming og gjennomføring av vedtak som må takast fortløpande. Me vil prøve med ein ny runde utlysing i vår, men signala frå andre kommunar er at det er ikkje mange søkjarar på dei utlyste stillingane.

Leiande reinhaldar gjekk i slutten av året av med pensjon. Ho vart erstatta av ein allereie tilsett reinhaldar, noko som medførte at den stillinga måtte erstattast. Det vart derfor tilsett ein ny reinhaldar i 75 %-stilling. Me har fått dyktige og engasjerte medarbeidarar i begge stillingane.

Det har vore permisjon, med påfølgjande vikariat, i ein av stillingane i utedrifta.

Vedkommande som har vore i permisjon leverte oppseiing 17.03.2014, og stillinga vil bli lyst ved permisjonstids slutt. Dette er ein stilling ein av erfaring kan forventast å få ein del kvalifiserte søkjarar.

5. Sjukefråvær.

Det har vore ein minimal nedgang i sjukefråværet i 2013, men tross alt; ein nedgang. Det er framleis reinhaldsida som dreg opp tala, men det også her ein liten nedgang i forhold til året før. Eininga har eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø og gode arbeidsplassar, men gamle bygg legg som oftast opp til gamle reinhalds- og vedlikehaldsmetodar.

6. Kompetanseutvikling

Det har gjennom året vore ein del kurs og fagsamlingar, spesielt innan VA-sektoren. Dette har samanheng med tilsetjing av ny VA-ingeniør og store framtidige utfordringar innan vatn- og avløp. Utfordringar med sjøleidningar, høgdebasseng og revisjon av kommunedelplan for vatn og avløp er berre nokre av oppgåvene framover. I dette arbeidet vert det viktig og nytte nettverket som bygd opp kring driftsassistansen DIHVA – og delta på dei faglege samlingane og kursa.

7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Eininga har stort fokus på arbeidsmiljøet, og har heller ikkje i år hatt skader eller uhell som på nokon måte har medført fráværskader. Driftseininga og reinhaldeininga er dei mest utsette delane av eininga, og det vert lagt stor vekt på planlegging og sikker-jobb-analyser ved prosjekter ut over den daglege drifta. På ein annan side er det i rutineoppdrag det oftast går gale, og det vert viktig for einingane at sikker-jobb går igjen i alt vi gjør. Me prøver å halda tradisjonen med eit par sosiale samlingar for eininga i året.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap er eit av fokusområda nasjonale myndigheiter no prioriterer høgast.

I den daglege drifta er oppgåva å sikra innbyggjarane sine så godt som mogleg når det gjeld naturgitte trusselfaktorar som ras/skred, flom/oversvømming, svikt i teknisk infrastruktur og vidare.

Hendinga med forureina drikkevatt i delar av anlegget vårt, viste at varsling og informasjon til innbyggjarane var av stor betyding, både for å understreka at dette vart tatt alvorleg, og at

ein hadde rutinar på alternativt drikkevatn. I slike situasjonar får ein samstundes stadfesta nytten det er å vera med i nettverk som DIHVA og Norsk Vann, som var til stor hjelp i denne perioden. Dei sendte dei flinkaste folka, og ein fekk etter kvart retta feilen. Elles i organisasjonen vert alle spekter innan samfunnstryggleik og beredskap lagt til grunn for planlegging framover.

9. Konsekvensar for handlingsprogrammet

Det vert igjen understreka at standard og kvalitet på tenestetilbodet er alltid avhengig av dei økonomiske rāmene ein har til rådighet. Forvalting av desse rāmene opp mot forventa krav frå befolkninga er alltid ein utfordring, men ein har eit kontinuerleg fokus på kostnadseffektivitet for på den måten å yte gode tenester ut i frå dei midlane ein til ein kvar tid har til rådvelde.

10. Kostra 2013

Det er i hovudsak VAR-tenestene og sakshandsamingstid for plansakar som er leggjast inn i KOSTRA for teknisk eining.

Det vart i 2012 gjort ein justering i VA- fond og gebyr, med verknad frå 2013. Det er framleis ein vesentleg forskjell i prisen for vassforsyning sett opp mot avløpstenesta. Ulvik herad har ein vesentleg større forskjell mellom vassgebyret og avløpsgebyret enn dei fleste andre kommunar. Avløpsfondet er samstundes i negativ balanse, så ein bør vurdere å auke avgifta for avløpstenesta i det kommande økonomiplanarbeidet.

Renovasjonsordninga er styrt av IHM, og gebyra som der vert sett speglar kompleksiteten i renovasjonsordninga i dei ulike herada.

Ulvik herad har ikkje vedtatt nye reguleringsplanar i rapporteringsåret.

Ulvik herad har 30 dagars sakshandsamingstid for oppmålingsforretning. Dette er fullt ut akseptabelt for ein eining utan interne oppmålingsressursar. Heradet leiger desse tenestene av Granvin herad, og grunna godt samarbeid, får vi gjort heile oppmålingsforretninga på 4-5 veker.

Ulvik herad ligg godt under landet og regionen på driftsutgifter pr. km kommunal veg. For rapporteringsåret ligg heradet likevel litt over det som er snittet for vår kostragruppe, men dette skyldas i hovudsak asfaltarbeida som vart gjennomført på Hydle, Hjelmevoll og i Holmen

Teneste: Byggesak, kart og oppmåling.

Ansvarleg: Torstein Ljone og Bjarte Ness

1. Omtale av overordna mål

Sakshandsaming etter plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova med underliggjande forskrifter og regelverk.

Oppdatering av Matrikkelen og av dei ulike kartbasane.

Kart og oppmålingstenestar vert kjøpt av Granvin herad.

2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål.

Det er handsama 55 bygge- og delesaker, inkl. dispensasjonar. Dei fordeler seg slik:

Type sak	Tal
§ 20-1	26
§ 20-2	19
§ 19-1	5
§ 1-8	3
Total	55 saker

3. Personale.

Torstein Ljone har 50 % stilling i Ulvik herad, og av dette vert han utleigd 15% til Granvin herad

4. Sjukefråvær.

Ikkje registrert.

5. Kompetanseutvikling.

Byggingeniør har gjennom året deltatt på ulike kurs og konferansar, hovudsakleg med fokus på nye krav og forskrifter.

6. Sakshandsamingstid.

Gjennomsnitt sakshandsamingstid bygge/delesak: (lovpålagt i parantes)

Søknad § 20-1: 3 veker (12 veker)

Søknad § 20-2: 2 veker (3 veker)

Dispensasjonar: 12 veker (ikkje lovpålagt/12 veker)

Tenesteområde: Plan og miljø

Ansvarleg: Lars Præstiin

40 % stilling 1. januar – 30. juni

45 % stilling 1. juli – 31. desember

Hovudsaker:

Regional plan for Nordfjella

Arealdelen til kommuneplanen

Handlingsprogram til Regional plan for Hardangervidda

Kraftverkssaker (Ulsberg og Vambheim)

Åting Rallarvegen

Møter i administrative/politiske utval:

Regional plan for Nordfjella (3 møter); oppfølging av Regional plan for Hardangervidda (2 møter); Styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet for villrein (1 møte); Rådgivande utval for Hallingskarvet nasjonalpark (1 møte); Finse Forum (2 møter); Rallarvegrådet (1 møte) og Hardanger vassområde (2 møter).

Kompetanseutvikling:

Kurs: Kulturminnedatabaser, HFK

Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS), HFK & FMHO

Konferansar:	Plankonferanse, HFK
Seminar:	NVE seminar om Flaum & Skred Hardangerfjordseminaret 2013 Bruk og vern av gamle bygg i LNF-område/strandsona, FMHO
Nettverkssamlinger:	Regionalt Plannettverk, Tema: Kulturminneplaner Regionalt Plannettverk, Tema: Forvaltning i strandsona

Tenesteområde: Landbruk (jord, skog, utmark, vilt og veterinær)

Ansvarleg: Rolf Tore Djonne og Lars Præstii

1. Omtale av overordna mål

Gjennomføra gjeldande landbrukspolitikk, samt ta seg av kommunale oppgåver innan landbrukssektoren og arbeida for utvikling av sektoren i høve til overordna planar.

- Stetta kommunale oppgåver innan jord, skog, utmark og viltforvaltning.
- Arbeida for utvikling av primærnæringane med utgangspunkt i landbruksplanen, vedteken av Ulvik heradstyre 13.04.2005, og Strategisk næringsplan.

2. Resultat

Eininga har løyst dei oppgåvene for fagområdet heradet skal/er pålagt å utføra.

3. Budsjett/rekneskap

Området vert i hovudsak dekkja av næringsfondet, og er gjort opp i balanse.

4. Personale

Skogbrukssjef i 45 % stilling. Jordbrukssjef i 80 % stilling. Det er 1 kommuneveterinær i Ulvik.

5. Sjukefråvær:

Ikkje registrert

6. Kompetanseutvikling:

Gjennomførte kompetansehevingstiltak:

- Fylkesmannens landbruksavdeling sine årleg kurs om produksjonstilskot
- Naturdatakurs i føring av Hjorteviltregisteret.

Møter og kurs gjennom året: Ulvik landskapspark, Norsk Villreinsenter Sør, årleg miljømøte Voss lensmannskontor, Kyst Skogbruket, Sikringsradioen, Ulvik Skogeigarlag, Landbrukskonferanse på Os i regi av Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune (hjorteforvaltning), HordaHjort, forelesingar på Hjeltnes vidaregåande skule, kommunesamling i Kvam i regi av Fylkesmannen, Miljøplankurs for bønder i Indre Hardanger, innlegg på våronnmøte i regi av Norsk Landbruksrådgeving Hordaland, Jegermøte og Skogsdag (samt tilbod om motorsagskur

7. Anna

- Aktuelle saker i viltnemnda: Nye målsetjingar for hjorteviltforvaltninga i Ulvik; Nye bestandsplanområde / oppfølging av HordaHjort prosjektet; Tilskot til hjortegjerde; Bestandsovervaking av steinkobbe i samarbeid med Havforskningsinstituttet; Ny bestandsplan for hjortevaldet Vest for Tyssø; Jegermøte 14. august; Skilting og konfliktførebyggjande tiltak i Aurdal; Innsamling av GPS-klave for HordaHjort; Vårtejing; og Fråsegn til freding av fjell- og lirype innan Ulvik statsallmenning.
- Rekneskap for Viltfondet: inntekter 25.653,-, utbetalt 21.625,-, saldo 161.841,- kor 124.841,- er disponibelt.
- Nærings og Miljøtiltak i Skogbruket (NMSK), utbetalt tilskot 37.680,-. Tilskota vart utbetalt til: plantekjøp, nyplanting, suppleringsplanting, mekanisk etterarbeid og avstandsregulering.
- Tre skogsvegar vart ferdigstilte i 2013.
- 63 løyve til motorferdsle i Utmark innvilga (19 stk. gjeld køyring på Rallarvegen). 2 søknader avslått. 5 saker vart handsama politisk.
- Kulturlandskapsprisen 2013 vart tildelt Toril Lunde Børsheim og Johan Børsheim. Dei skal i 2014 konkurrera om den nasjonale kulturlandskapsprisen.
- Årleg tildeling av Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) i 2013 var på kr 235 000,-. Dette var ei god auke frå løyvinga året før. Tilskotet vart delt på 4 tiltak og følgjande typar søknadar: gamal kulturmark (3), freda- og verneverdige bygningar (1).
- Tildeling av investeringstilskot til beitelag var i 2013 på kr 48 531,-.
- Handsaming av 8 bygdeutviklingssøknadar til Innovasjon Norge, kor 6 av søknadane fekk løyving på til saman kr 469 900,-.
- I samarbeid med fleire grunneigarar på Hakestad, og leigetakar av beitene på Hakestad, vart det laga til eit Landskap i drift prosjekt. Prosjektet går ut på å opne opp landskapet, og fekk løyvd kr 182 000,- i tilskot til arbeidet.
- Utbetalingar av tilskot til regionalt miljøprogam 2013, med tal søkjarar i parentes: kr 742 366,- (39).
- Utbetalingar av samla produksjonstilskot i 2013, med tal søkjarar i parentes: vinter 2013 – 5 898 048 (57) og sommar 2013 – 4 964 006,- (58).
- I følgje Agrianalyse sin rapport frå 2013, «For rike for Vestlandsjordbruket?», har Ulvik størst andel i Hordaland av sysselsette i jordbruket. Om lag 11 % av alle sysselsette jobbar i jordbruket.

Ansvar 281: Brannvesen (feiing / tilsyn og brann / redning).

Fagansvarleg: Egil Holven

1. Omtale av overordna mål

- Ei brannordning (inkl. feiing / tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering.
- Årsmål for dei enkelt områda som feiing / tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt, øvingar, formell opplæring m.v.

Oppnådde resultat i høve vedtekne mål:

- Gjennomført 6 fellesøvingar. 2 av desse ilag med Eidfjord og Granvin brannvern.
- Lagt inn nye rutinar for mannskapa som går i helgeberedskap, som inneberer at
 - o det vert systematiske kontrollar av maskiner og utstyr. Gjennomførast i vakthelg.
- Ein person ferdig med nettbasert kurs i brannvern i 2013.
- 4 personar gjennomførte 2 dagars kurs i Utrykningsleiing
- Feiing og tilsyn gjennomført etter oppsett plan av Vestnorske feiartenester.
- Det er utført 4 tilsyn med særskilde brannobjekt § 13.
- Brannsjef har fått tildelt kursplass ved Norges brannskole (Tjeldsund) for og gjennomføra Beredskapsutdanning trinn 3 og Førebyggande kurs i 2014.
- Brannstudien - «Fremtidens brann- og redningsvesen» var ferdigstilt desember 2013. Med høyringsfrist 17. februar 2014, og resultat av Brannstudien vil sannsynlegvis påverka Ulvik herads arbeid med ny brannordning. Forslaget som no ligg føre, er eit regionalt brannvern som administrativt vil dekkja Hordaland fylke.
- Det vil koma nytt Naudnett i slutten av året, noko som vil betra kommunikasjonen mellom naudetatane og forsterka beredskapen.
- Ulvik brannvern bør setja av midlar til kjøp av nytt utrykkingskøyretøy med høgtrykksskumanlegg og frigjeringsutstyr i 2015 (pickup/personbil med overbygg).

Resultat i budsjett.

Netto budsjett, inkl. budsjettjustering:	1 353 995,-
Netto rekneskap:	1 246 174,-

Totalavvik:

- 107 821,-

Avviket kan i hovudsak knytast til opplæring av mannskap. Brannsjefens utdanningsutgifter var ikkje tatt høgde for i budsjett.